



VISJONEN FOR TOKKE KOMMUNE ER  
«KOMPETANSE, KRAFT OG KULTUR»

*Bilete: Steintrappa opp Beinsteberget til Ruiplassen*

# ÅRSMELDING

Tokke kommune 2019

*Vedteke i kommunestyret 23.06.2020*

# 1. Innhold

2. Innleiing	4
3. Politisk styring	7
3.1 Politisk organisering	7
4. Kommunens økonomi	8
4.1 Økonomisk oversyn	8
4.2 Driftsresultat	15
4. Planområde 1 Sentraladministrasjonen og NAV	16
4.1 Driftsresultat	17
4.2 Rapportering, handlingsprogram	20
4.3 Nav	21
5. Planområde 2 – Oppvekst, kultur og idrett	23
5.1 Økonomi	25
5.2 Rapportering, handlingsprogram	28
5.3 Dalen barnehage og Dalen barnehage Åmdals Verk	29
5.4 Høydalsmo barnehage og Høydalsmo barnehage Lårdal	30
5.5 Tokke skule/ Tokke skule Åmdals Verk	30
5.6 Høydalsmo skule	30
5.7 Kulturskulen	31
5.8 Vaksenopplæringa/flyktningtenesta:	31
5.9 Ungdomsklubben	31
5.10 BTI	31
5.11 Kultur	32
5.12 Bibliotek	32
6. Planområde 3 – Helse og omsorg	34
6.1 Økonomi	34
6.2 Rapportering handlingsprogram	39
6.3 Legetenesta/legevakt	40
6.4 Fysioterapi/Ergoterapi/Rehabilitering	41
6.5 Psykisk helseteneste	41
6.6 Helsestasjon	42
6.7 Institusjon	43
6.8 Kjøkken	44



6.9	Heimetenestane	44
6.10	Åheim bufellesskap	45
7.	Planområde 4 og 5 – plan, næring og teknisk	47
7.1	Økonomi	47
7.2	Rapportering handlingsprogram	48
7.3	Plan, kart/ oppmåling og byggjesak	48
7.4	Nærings- og samfunnsutvikling	49
7.5	Reiseliv	52
7.6	Landbruk og miljø	57
7.7	Eigedomsforvaltning, brann og uteavdeling	59
7.8	Investeringsprosjekt 2019	60
7.9	Vatn og avlaup	62



## 2. Innleiing

Tokke kommune har i dei seiste åra hatt god økonomi. Inntektene i 2019 har vore svært gode med høge kraftprisar, god skatteinngang og utgiftene i høve KLP har hatt ei oppside. Inntektene vart om lag 10 millionar høgare enn budsjettet. Dette har gjeve oss eit større handlingsrom enn på fleire år. Men utgiftene har også vore veldig høge. Sentrale og lokale tillegg innan helse og omsorgssektoren har auka monaleg, utgiftene til brukarar med særskilde behov har auka, tilskot til breiband og utbetaling av erstatning har også ført til at rekneskapen bare blir oppgjord i balanse. Netto drift gjekk med underskot på 4 millionar (1,39%), men i dette ligg det også ekstraordinære eingongs driftsutgifter på 8,5 million.

Kommune har gode tenester til innbyggjarane sine og dei vert levert av tilsette som gjer ein svært god innsats for kommunen. Aktiviteten er stor og det er krevjande å levere tenester når me har mange som treng oss og me er litt for få til å levere. Med dette meinar eg at me må leige inn ein del hjelp for å løyse oppgåver knytt til dei brukarane med størst trøng for hjelp. Dette fører igjen til at presset mot økonomien på enkelte avdelingar er stort, då særleg innan helse og omsorg. Her har det vore eit underskot på om lag 3 millionar dei seiste åra. I 2019 har det vore noko større. Ein god del av dette skuldast ei eingongs utbetaling av erstatning på 1,0 million for ramponering av bustad i annan kommune der me har hatt ansvar for ein særleg krevjande brukar. Denne personen har no flytt adresse frå Tokke og er dermed ikkje vårt ansvar lenger.

Rammene for dei andre etatane og sentraladministrasjonen har gått i balanse. PNT ser ut til å ha eit underskot, men dette skuldast eingongsutbetaling av erstatning. Det har også ved den etaten vore krevjande gjennom året då det har kome på ein del ekstra høge utgifter på grunn av havari på dyrt utstyr og maskinar.

Oppvekststataen har også i år eit nokså stort overskot, men det kan nok endre seg frå 2020 då det er endra utfordringar knytt til kompetansekrav og endra sentrale føringar. Innkjøp av læremiddel er delvis flytt til 2020 og ein har difor noko å gå på økonomisk.

Kulturskulen har hatt stor aktivitet og der vart det nok ein gong rektorskifte i løpet av året, men no har me fast tilsett i stillinga.

Integreringsarbeidet går godt, men det blir etterkvart færre som nyttar tilbodet kommunen har etablert og me har difor mått redusere drifta her ein del i 2019.

Sentraladministrasjonen vart omstrukturert noko i 2019, det hadde samanheng med at IKT vart organisert i eige kommunalt foretak, VTDS, og plassera under Vinje kommune. I 2019 har drifta av IKT vore mykje dyrare enn tidlegare og det hadde me ikkje budsjettert med. Grunnane til ekstra utgifter er forklart under kapittelet om IKT, men ein reknar med at når ein kjem inn i «normal» drift så vil kostnadane gå noko ned igjen.

Mange satsingar, dei fleste felles i Vest-Telemark, på digitale løysingar vil nok også gje litt gevinst på lang sikt, men kostar ein del ekstra i oppstart.



På slutten av året kom også felles NAV-kontor for Vest- Telemark i gang og dei etablera seg i nye flotte lokaler på Dalen. Her vil det nok vere ein del utfordringar i startfasen, men me har stor tru på at dette var ein god avgjersle for regionen.

Organisasjonen har gjennom 2019 arbeidd med leiargalopp med fokus på kommunikasjon internt. Prosjektet har også vore støtta av KS. Det har vore stort engasjement og alle har vore deltagande i ulik grad. Arbeidet med dette vil fortsetje utover 2020 og ein vonar å ha ein del nye rutinar og ny praksis på plass i løpet av 2020.

Arbeidet med å sjå på vidare bemanning og organisering av økonomiavdelinga har så vidt starta opp og me vurderar om det er aktuelt med interkommunalt samarbeid på delar av dette. Det er også slik at skatteinnkrevjinga blir statleg i 2020, så denne oppgåva blir borte. Fleire tilsette vil også gå av med pensjon i løpet av eit års tid og ein må tenke korleis dette kan løysast framover. Etatane etterlyser også meir støtte i økonomiske spørsmål framover. Kommuneøkonomien vil bli stadig meir pressa framover og det er nødvendig å ha ein god økonomistyring også framover.

Nokre ord også om barnevernsamarbeidet. Dette fungerer svært godt og har gjort det gjennom fleire år. Me har vore heldige i Tokke fordi det har vore svært få born som har hatt vesentleg trøng for hjelp frå barnevernet. I 2019 endra det seg noko. Nokre born måtte ha sterke tiltak rundt seg og det har dei fått. Den andre sida av dette er sjølvsagt at dette kostar mykje og kostnadane blir det dei blir. Utgiftene er vel mest innafor budsjett, men likevel mykje høgare enn før.

Organisasjonen er bemanna slik ein ynskjer framover. Det er sjølvsagt press på ein del tenestar, men eg meiner likevel at tenestene er gode. Det har vore gode prosessar, særleg i helse og omsorg, dei seinare åra og sjukefråveret i kommunen har over lengre tid hatt ei god utvikling. Dei fleste trivast på arbeid og leverar gode tenester.

Når det gjeld økonomien så er utsiktene til både overføringer og kraftinntekter at dei truleg går ned dei nærmaste åra. Straumprisen var høgare enn budsjettera i 2019, men ein trur kanskje det vil gå noko ned att i 2020, sjølv om prisen truleg held seg over budsjettet nivå også i 2020. Inntektene i 2019 har vore større enn budsjettet. Mykje av dei ekstra inntektene er bunde opp i spesielle oppgåver framover, men kommunen er likevel i ein betre situasjon enn mange andre kommunar.

Inntektsauken har i hovudsak vore knytt til auka utbyte, høgare straumpris enn budsjettet og positivt premieavvik.

Det er sett i gang arbeid med vilkårsrevisjon i Sundsbarm i 2019 og det har vore arbeidd ein del med problemstillingar knytt til utbygging i Lårdal.

Arbeidet med den nye personvernforordninga (GDPR) er framleis under arbeid og må arbeidast med vidare for å sikre gode rutinar. Det er kjøpt inn nytt system for avvikshandsaming og rutinar



for internkontroll og GDPR, Compilo. Arbeidet med å registrere inn rutinar er i gang, men ikkje ferdig.

Kommunen var også inne i fleire prosjekt knytt til regionalt samarbeid i 2019.

Kommunane i konsesjonskraftstyret, 8 kommunarsavtala, og Fylkeskommunen har arbeidd for å få til felles kompetanse-oppbygging i øvre-/vestre Telemark. Dette arbeidet er det stor semje om både blant ordførarar og rådmenn og kommunestyra i alle kommunane gjorde vedtak om vidare arbeid med etablering av eit slikt selskap i Vinje frå 01.09.2020. Fylkeskommunen gjorde vedtak om å vere med i 2019, og etableringa vil skje i starten av 2020.

Det er også gjort mykje godt næringsarbeid av tilsette knytt til næring og turisme. Det skjer mykje spanande ved Dalen Mekaniske AS, Brunvoll Marel AS, Hotellet og andre næringsdrivande.

Me har også fått mykje merksemd via media om Soria Moria, hotellet, og fjernsynsseriar.

Rådmannen er stolt av dei tilsette i kommunen som gjer ein framifrå jobb og er gode ambassadørar for Tokke.

*Rådmann John Kleiv  
Mars 2020*



## 3. Politisk styring


### 3.1 Politisk organisering

Tokke kommune har framleis same oppbygging av den politiske strukturen. Kommunestyret er det øvste organet i kommunen. Det har mynde som organ, ikkje som enkeltrepresentantar. Ordførar er kommunens fremste representant og leier kommunestyret.

Kontrollutvalet utøver kontroll på vegne av kommunestyret. Kommunen har fire hovudutval: Formannskapet, helse- og sosialutvalet, utval for oppvekst, kultur og idrett (OKI) (tidlegare oppvekstutval) og utval for landbruk, miljø og teknisk (LMT) (tidlegare utviklingsutvalet).

I tillegg til utvala og Formannskapet har me rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, ungdomsråd og eldreråd.

Sak om politisk om endring i politisk organisering var til handsaming i løpet av året, men fleirtalet vedtok å halde på eksisterande modell. Ny kommunelov vart gjort gjeldande etter valet. Endringane inneber noko meir ansvar til rådmann og at politiske organ skal legge overordna planar og føringar. Strukturen i det politiske landskapet vert ikkje endra på grunn av ny kommunelov, men Adm. Utval får mindre innverknad på mellom anna tilsetjingar og bruk av personell.



Kommunestyret har 21 representantar. I denne perioden har SP ordføraren og utgjer posisjonen med 9 representantar, saman med MDG med 2 representantar og Krf med 1 representant. Opposisjonen er AP med 8 representantar og SV med 1 representant. Ordførar er Jarand Felland (SP) og varaordførar Benedikte Nes (MDG).



# 4. Kommunens økonomi

## 4.1 Økonomisk oversyn

Kommunerekneskapen for 2019 syner eit rekneskapsresultat på kr 0,0 og eit negativt netto driftsresultat (driftsinntekter minus driftsutgifter + netto finansutgifter) på kr 4,0 mill. (--1,39%). Kommunestyret sitt måltal på 3% er såleis ikkje nådd i 2019. Statlege styresmakter har 1,75% som måltal.

Hovudårsakane til det svake driftsresultatet er stort underskot på Helse- og omsorgsetaten og store eingongsutgifter til erstatningar og store tilskotsutbetalingar til m.a. breibandutbygging (tidlegare avsett til fond). Meirinntekter frå fellesinntekter, skatt, eigedomsskatt, konsesjonskraftsal og utbyte, samt mindreforbruk på planområde 2 Oppvekst, kultur og idrett dekkjer opp meirforbruket elles.

Det er også meirforbruk på planområde 1 Sentraladministrasjonen og planområde 4 Plan, næring og teknisk i samband med stor erstatningsutbetaling.

Tabell 1 syner at netto løn- og sosiale utgifter auka med 4,0% i høve til 2018. Pensjonsutgiftene er 5% mindre enn i 2018.

Andre driftsutgifter aukar med heile 18,5% i høve til 2018 medan totale driftsutgifter gjekk opp med 8,6%. Driftsinntektene aukar mindre, med 2,1% i høve til 2018, men er nesten kr 10,0 mill. høgare enn budsjettet. Dette har samanheng med større inntekter frå eigedomsskatt, konsesjonskraftsal, utbyte, integreringsmidlar og andre refusjonar og overføringer enn budsjettet.

Rente- og utbyteinntektene blei kr 2,8 mill. større enn opphavleg budsjettet, medan rente- og avdragsutgiftene fylgjer budsjettet om lag, netto finansutgifter blei kr 0,8 mill. mindre enn revidert budsjett.

Oversyn driftsutgifter og -inntekter, ekskl. bruk og avsetjing fond og avskrivning:				
(1000 kr)	R-2019	%-2018-19	Rev. B-2019	R-2018
Lønsutgifter:				
Brutto lønsutgifter	156 230	4,0	154 359	150 211
Pensjonsutgifter	17 769	-5,0	20 259	18 707
Arbeidsgjeveravgift	17 511	4,4	16 858	16 770
Sum	191 510	3,1	191 476	185 688
Refusjon sjukeløn m.m.	-7 000	-14,9	-2 728	-8 228
Netto lønsutgifter	184 510	4,0	188 748	177 460
Andre driftsutgifter, ekskl. fordelte utg.	97 316	18,5	83 107	82 133
Totale driftsutgifter	281 826	8,6	271 855	259 593
Driftsinnt., ekskl. sjukelønsref. og fordelte utg./innt.	281 658	2,1	272 551	275 979
<b>Totalt brutto driftsresultat, ekskl. avskrivning</b>	<b>-168</b>	<b>-101,0</b>	<b>696</b>	<b>16 386</b>
Netto finansutgifter	-3 845	-9,7	-4 600	-4 257
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>-4 013</b>	<b>-133,1</b>	<b>-3 904</b>	<b>12 129</b>

Tabell 1



Tabell 2 under syner at det er budsjettoverskot/mindreforbruk på planområde 2 OKI, sentraladministrasjonen, helse og omsorg og plan, næring og teknisk har underskot/meirforbruk.

Investeringane utgjorde kr 20,7 mill. – **55%** er lånefinansiert.

**Tabell 2**

	Netto driftsutgifter ( inkl. fond)			<b>Investeringar (brutto)</b> 2019
	<b>Rekneskap</b> 2019	Rev. budsjett 2019	Budsjett- overskot/ underskot(-)	
1000 kr.				
Sentraladm.	<b>23 617</b>	23 394	-223	<b>1 455</b>
Kyrkjeleg fellesråd	<b>3 870</b>	3 870	0	<b>0</b>
Oppvekst, kultur, idrett	<b>69 271</b>	71 771	2 500	<b>0</b>
Helse- og omsorg	<b>86 856</b>	82 205	-4 651	<b>86</b>
Plan, næring, teknisk	<b>28 310</b>	26 596	-1 714	<b>19 165</b>
Felles	<b>-211 924</b>	-207 836	4 088	
Sum alle planområde	<b>0</b>	0	0	<b>20 706</b>

Tabell 3 syner brutto driftsutgifter fordela på utgiftsartar.

**Tabell 3**

1000 kr.	Brutto driftsutgifter							
	2019		2018		2017			
	Brutto driftsutg. del	%-vis del	Budsjett	Brutto driftsutg. del	%-vis del	Brutto driftsutg. del		
Løn- og sos. utgifter	<b>191 510</b>	<b>65,5 %</b>	<b>191 476</b>	<b>185 688</b>	<b>68,6 %</b>	<b>178 312</b>	<b>69,1 %</b>	
Skyss- og kost	<b>909</b>	<b>0,3 %</b>	<b>1 011</b>	<b>873</b>	<b>0,3 %</b>	<b>923</b>	<b>0,4 %</b>	
Kjøp varer/tenestar til eigenproduksjon	<b>43 740</b>	<b>15,0 %</b>	<b>36 759</b>	<b>37 789</b>	<b>14,0 %</b>	<b>35 671</b>	<b>13,8 %</b>	
Kjøp varer/tenestar - erstattar eigenprod.	<b>24 179</b>	<b>8,3 %</b>	<b>20 323</b>	<b>20 287</b>	<b>7,5 %</b>	<b>18 555</b>	<b>7,2 %</b>	
Fordelte utgifter	<b>-2 245</b>	<b>-0,8 %</b>	<b>-1 086</b>	<b>-1 590</b>	<b>-0,6 %</b>	<b>-1 334</b>	<b>-0,5 %</b>	
Overføringer	<b>30 733</b>	<b>10,5 %</b>	<b>26 100</b>	<b>24 773</b>	<b>9,2 %</b>	<b>22 902</b>	<b>8,9 %</b>	
Renteutgifter	<b>3 456</b>	<b>1,2 %</b>	<b>3 700</b>	<b>2 757</b>	<b>1,0 %</b>	<b>2 992</b>	<b>1,2 %</b>	
Sum alle planområde/etatar	<b>292 282</b>	<b>100,0 %</b>	<b>278 283</b>	<b>270 577</b>	<b>100,0 %</b>	<b>258 021</b>	<b>100,0 %</b>	

Lønsutgiftene utgjer storparten av driftsutgiftene, men noko mindre enn åra før. Det er stor auke på alle utgiftsartar.

Skatteinntektene (utanom eigedomsskatt) og rammetilskotet frå staten er ein del av inntektssystemet mellom staten og kommunane, minke i skatteinntektene blir såleis avrekna med meir rammetilskot og omvendt.

### **Rammetilskot frå staten**


Rammetilskotet frå staten gjekk **opp med kr 8,6 mill. til kr 74,7 mill.** Det kom inn kr 1,0 mill. mindre enn budsjettet (jf skatteauken). Dette var fyrste året med småkommunetilskot.



## *Driftsresultat*

Nettoresultatgraden i tabell 5 syner kor stor prosentdel av driftsinntektene som er disponibelt etter at drifts- og kapitalutgifter er betala. Dette nykeltalet er i 2019 negativt, minus 1,39%, og er langt under det som blir rekna som minimumskrav, styresmaktene reknar dette til 1,75% for kommunane. Kommunestyret sitt måltal er 3%. Overforbruk i helse- og omsorg, og store eingongsutgifter i form av tilskotsutbetalingar og bruk av tidlegare avsette midlar, breiband t.d., og erstatningar – om lag kr 8 mill. – er hovudforklaringa på det negative resultatet. Positivt premieavvik pensjon på kr 5,5 mill. slår ut motsett.

Tabell 5



## *Konsesjonsavgifter*

Avgiftsinntektene var på kr 8,212 mill.. Desse inntektene er avsett til kraftfondet (konsesjonsavgiftsfondet) og blir nyttå til avdragsbetaling (kr 4,0 mill.) og til næringstiltak.

## *Balansen*

### *Omløpsmidlar - finansforvaltning*

Avkastning av plasserte midlar i bank gjekk i 2019 opp som fylgje av stigande rentenivå. Gjennomsnittleg rente på bankinnskot etter bankavtala med DNB var i 2018 på 1,83%, jf. tabell 6, klart betre enn referanseindeksen, jf tabell 7. Det er ikkje andre plasseringar enn i bank.

Tabell 6

Avkastning i bank	%
2019	1,83
2018	1,34
2017	1,62
2016	1,92
2015	2,14
2014	2,54



Tabell 7

Rapport likvidar til driftsføremål

	31.12.2017		31.12.2018		31.12.2019	
	Mill kr	%	Mill kr	%	Mill kr	%
Innskot hjå hovudbank - DNB	49,4	100,0	57,5	100,0	<b>50,1</b>	<b>100,0</b>
Innskot i andre bankar	0	0,0	0	0,0	0	0,0
Samla kortsliktig likviditet	49,4	100,0	57,5	100,0	<b>50,1</b>	<b>100,0</b>
Avkastning sidan 31.12.2018	1,62 %		1,34 %		<b>1,83 %</b>	
Avkastning referanseindeks (ST1X)	0,44 %		0,66 %		<b>1,20 %</b>	
Stadfesting av enkeltekspionering ≤ 2 % av forvaltningskapital	JA		JA		<b>JA</b>	
Stadfesting av enkeltpaper ≤ 6 månaders løpetid	Ja		Ja		<b>Ja</b>	
Største tidsinnskot		0		0		<b>0</b>
Største enkeltpaperplassering	NOK 49,4 mill		NOK 57,5 mill		<b>NOK 50,1 mill.</b>	

Tabell 8 syner at lån med fastrente nå utgjer om lag 24% av lånegjelda, noko mindre enn finansreglementet krev. Rentekostnadane er godt over referanseindeksen som fylgte av stigande rentenivå.

Tabell 8

Rapportering - lån:	31.12.2017		31.12.2018		31.12.2019	
	Mill. kr	%	Mill. kr	%	Mill. kr	%
Lån med flytande rente	74,40	47,2	64,90	39,2	<b>89,40</b>	<b>51,2</b>
Lån med NIBOR-basera rente	47,10	29,9	45,30	27,3	<b>43,50</b>	<b>24,9</b>
Lån med fast rente *	36,00	22,9	55,50	33,5	<b>41,70</b>	<b>23,9</b>
Finansiell leasing	0,00	0,0	0,00	0,0	<b>0,00</b>	<b>0,0</b>
Samla langsliktig gjeld	157,50	100,0	165,70	100,0	<b>174,60</b>	<b>100,0</b>
Effektiv rentekostnad sidan 31.12.2018	1,85		1,7		<b>2,35</b>	
Avkastning (kostnad) benchmark (ST4X)	0,88		1,26		<b>1,27</b>	
Tal løpende enkeltlån	17		18		<b>17</b>	
Største enkeltlån	NOK 23,9 mill.		NOK 22,5 mill.		<b>NOK 21,2 mill.</b>	



Tabell 9a

<b>Oversyn lån:</b>					
Långjevar	Lånnr.	Produkt	Nom. rente	Restgjeld 31.12.19	
KLP Kommunekreditt	8317.54.53221	Flytande rente	2,40 %	kr 11 510 998	
KLP Kommunekreditt	8317.56.59210	Flytande rente	2,40 %	kr 17 047 021	
Komm.banken	20080154	Fastrente (2023)	2,42 %	kr 10 660 640	
Komm.banken	20080157	Fastrente (2023)	2,42 %	kr 15 521 180	
Komm.banken	20180529	Fastrente (2023)	2,42 %	kr 15 480 010	
Komm.banken	20080155	Flytande rente	2,40 %	kr 21 215 520	
Komm.banken	20080156	Flytande rente	2,40 %	kr 21 215 520	
Komm.banken	20150690	Flytande rente	2,40 %	kr 11 266 640	
Komm.banken	20090132	3 mnd NIBOR	2,40 %	kr 4 477 400	
Komm.banken	2013447	3 mnd NIBOR	2,42 %	kr 20 051 240	
Komm.banken	20150692	3 mnd NIBOR	2,47 %	kr 18 967 740	
Komm.banken-KLP				kr 167 413 909	
Husbanken, startlån	11506497	Flytande rente	1,67 %	kr 245 066	
Husbanken, startlån	11509693	Flytande rente	1,84 %	kr 900 000	
Husbanken, startlån	11519475	Flytande rente	1,80 %	kr 179 017	
Husbanken, startlån	11520311	Flytande rente	1,84 %	kr 999 990	
Husbanken, startlån	115241611	Flytande rente	1,84 %	kr 2 350 000	
Husbanken, startlån	11532105 1	Flytande rente	1,85 %	kr 2 545 986	
Husbanken				kr 7 220 059	
<b>Samla gjeld:</b>			<b>2,35% eff.</b>	<b>kr 174 633 968</b>	

Stresstesten i tabell 9b syner kor stor verknad ein rentenedgang på 1% vil ha på renteutgifter/-inntekter.

Tabell 9b

<b>STRESSTEST PR. 31.10.2019 FOR TOKKE KOMMUNE</b>					
	Balanse %	Balanse MNOK	Endrings parameter	Durasjon	Berekna tap
Gjeld med flytande rente	51 %	89,40	-1,00 %		0,9
Gjeld med Nibor -rente (3-mndr.)	25 %	43,50	-1,00 %		0,4
Gjeld med fast rente	24 %	41,70	-1,00 %		0,0
Finanspassiva	100 %	174,60			1,3
Innskot i bank og korte pengem.	100 %	50,10	-1,00 %		-0,5
Fastrente innskot DNB	0 %	0,00	-1,00 %	0,1	0,0
Fastrente innskot andre	0 %	0,00	-1,00 %	0,5	0,0
Sum bankinnskot	100 %	50,10			-0,5
Finansielle "anleggslån"		28,50	-1,00 %		-0,3
Samla tap for marknadsrisiko for finansielle aktiva					0,5
Mogleg gevinst vil utgjera :		0,5			



## *Tap på krav*

Av førebels avsett til tap på krav i 2018 på kr 592 626 er det i 2019 endeleg utgiftsført kr 58 186 og kr 7 946 er innbetala. I 2019 er det avsett og utgiftsført kr 52 566 i nye kommunale krav til mogleg tap. I alt er det usikre krav på kr 579 060(note 13 i rekneskapen). Dette er gamle krav og krav i samband med dødsfall, sosiale eller andre årsaker, og såleis krav som kan bli svært vanskeleg eller uråd å få kravd inn.

## *Anleggsmidlar*

Avskriving av faste eigedomar og anlegg er gjort både i driftsrekneskapen og balansen, jf note 14 i rekneskapen. Avskrivningane har ikkje verknad for netto driftsresultat. Avskrivningane er med i mange av rapportane i KOSTRA som eit kostnadselement. Avskrivningane har hatt stor auke i 2019 på grunn av feil og etterslep i anleggsmodulen i rekneskapen, ekstra avskriving for åra 2015-2018 med kr 2,5 mill.

## *Arbeidskapital*

Arbeidskapitalen, tabell 10, har negativ utvikling i høve til 2018:

Tabell 10

Mill. kr.	2019	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009
Omløpsmidlar	<b>86,5</b>	83,5	75,8	76,5	58,6	67,7	77,7	95,7	74,0	89,7	89,0
-kortsiktig gjeld	<b>-44,7</b>	-39,7	-38,7	-39,9	-39,3	-36,0	-40,0	-41	-35	-34	-33,0
Arbeidskapital	<b>41,8</b>	43,8	37,1	36,6	19,3	31,7	37,7	54,5	38,7	55,9	56,0
-fondsmidlar	<b>-37,3</b>	-38,1	-29,2	-18,9	-19,2	-29,1	-27,1	-35,7	-30,6	-30,0	-30
-unytta lånemidlar	<b>-7,3</b>	-2	-2	-8,3	-3,4	-3,7	-13	-20	-0,7	-23	-28
Arb.kap., driftsdel	<b>-2,8</b>	3,7	5,9	9,4	-3,3	-1,1	-2,1	-0,9	7,4	3,3	-2,5

## *Likviditet*

Likviditeten, jf. tabell 11, er mykje bunden opp i fond og ikkje disponible midlar (lån t.d.), og er på nivå med dei seinare åra. Likviditetsgrad 3 er forholdet mellom dei mest likvide midlane og kortsiktig gjeld. Nykeltalet må vera større enn 0,33 for at kommunen skal klare betalingspliktene sine. Det er likevel grunn til å halde oppsikt med utviklinga av likviditeten framover.

Tabell 11

Mill.kr.	2019	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008
Kasse,bank	<b>56,7</b>	63,6	55,8	64,6	45,1	49,0	65,8	74,1	57,9	72,5	73,8	68,5
Kortsiktig gjeld	<b>44,7</b>	39,7	38,6	39,9	39,3	36,0	40,0	41,2	35,3	33,8	33	33,6
Likviditetsgrad 3	<b>1,3</b>	1,6	1,4	1,6	1,1	1,4	1,6	1,8	1,6	2,1	2,2	2,0

## *Fondsmidlar*

Fondsmidlane, jf. tabell 12, syner ein liten nedgang på kr 0,8 mill., og er ved utgangen av året på **37,3 mill. kr.** Nedgang i bunde driftsfond (statstilskot, kons.avgifter m.m.), men god auke i disp.fond som kjem av avsetjing av rekneskapoverskotet for 2018 og meirinntekter konsesjonskraftsal. Disposisjonsfondet har hatt god auke dei seinare åra, men er framleis på eit for lågt nivå ved årsskiftet, **kr 29,2 mill.**, sidan mykje av fondet(om lag kr 18 mill.) er bunde opp eller disponera til vedtekne føremål. Disponibelt fond er såleis **kr 11 mill.** Måltallet som er 10% av driftsinntektene tilseier kr 29 mill. i disponibelt disposisjonsfond.

Investeringsfonda er i hovudsak brukta opp, det er avsett ein mindre sum vedk. tomtesal Hallbjønnsekken og statstilskot trafikkiksiring.




Tabell 12

	2019	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012
Mill.kr.								
Bundne driftsfond	7,2	10,6	7,6	5,1	5,3	5,7	4,8	4,7
Dispositionsfond	29,2	26,9	15,7	2,3	1,6	10,5	12,0	20,8
Næringsfond, inv.	0	0	4,3	5,9	5,2	5,2	5,4	5,8
Investeringsfond, ubunde	0,8	0,6	1,5	5,6	7,0	7,4	4,1	4,1
Investeringsfond, bunde	0,1	0	0	0	0,1	0,3	0,8	0,3
Fond i alt	37,3	38,1	29,1	18,9	19,2	29,1	27,1	35,7

### Gjeld

Ordinær lånegjeld gjekk i 2019 opp fra kr 165,7 mill. til kr 174,6 mill., jf. tabell 13. Gjelda utgjer om lag kr 79 000 pr. innbyggjar og 60% av driftsinntektene.

Tabell 13



24% av gjelda er bunde til fastrente, mindre enn fastsett i finansreglementet. Renteutgiftene har gått mykje ned dei siste åra, men prognosane for rentenivået er høgare renter. I desse korona-tider er det imedan svært usikkert i kapitalmarknaden og det kan gå mot svært låge renter framover.

### Pensjonsansvar

Kommunen sitt pensjonsansvar er dekt gjennom pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse (KLP) og Statens Pensjonskasse (SPK). Jf. note 2a og b i kommunerekneskapen. Pensjonspliktene i KLP og SPK utgjer i alt på kr 423 mill. medan avsette pensjonsmidlar utgjer kr 370 mill.

### KOSTRA (KOmmunal og SStatleg RAporterung)

Førebelse Kostra-tal pr. 16.03 syner hovudtal frå rekneskapsdata frå kommunane i Vest-Telemark for 2019, jf. tabell 14. Tala er førebelse, perioden mellom mars og mai skal nyttast av kommunane til sjekking av tala og eventuelt sende inn ny korrigera rapportering. Tokke har høge driftsutgifter på tenestene pr innbyggjar.



Tabell 14

<b>KOSTRA 2019 - førebelse nykeltal</b>						
Nykeltal	Tokke	Vinje	Seljord	Nissedal	Fyresdal	Gruppe-03
	2019	2019	2019	2019	2019	2019
Netto driftresultat i prosent av brutto driftsinntekter	-1,4	2,0	1,5	-3,3	0,9	-0,6
Årets mindre-/meirforbruk i driftsrekneskapen i prosent av brutto driftsinnt.	0,0	0,6	1,4	0,0	0,2	0,7
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter	11,7	19,1	2,2	20,3	11,8	18,7
Netto renteeksponering i prosent av brutto driftsinntekter	22,0	73,9	57,0	76,2	7,1	63,3
Langsiktig gjeld ex pensjonsplikt i prosent av brutto driftsinnt.	58,5	107,6	81,7	114,2	46,1	102,1
Frie inntekter per innbyggjar (kr)	71655	69360	66772	76626	77901	69096
Fri eigenkapital drift i prosent av brutto driftsinntekter	9,8	6,0	5,0	4,1	3,7	10,2
Brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter	6,9	23,5	5,4	33,8	10,4	14,6
Eigenfinansiering av investeringane i prosent av totale brutto inv.	41,7	55,6	27,4	11,6	16,4	19,0
Netto driftsutgifter barnehagar(F201,211,221) - pr innb.	280951	229351	217350	279447	202591	182228
Netto driftsutgifter grunnskulesektor(202, 215, 222, 223) - pr. innb.	162299	165055	135276	180702	197753	159608
Utgifter kommunale helse- og omsorgstenester pr innbyggjar	50433	48820	36689	48245	46404	40597

## SJØLVKOST

Note 10 i kommunerekneskapen syner sjølvkost-utrekning på tenestene vatn, kloakk, slam/septik, renovasjon, feiing, byggesak, kart- og delingsforretning og plansakshandsaming. Det er låg dekningsgrad på byggesak, kart- og delingsforretning og plansakshandsaming. Men rekneskapen for 2019 syner nå tilnærma full dekningsgrad på vatn(94%), avløp(94%), septik/slam(102%) og renovasjon(88%), men låg dekningsgrad på feiing(58%). Det er såleis nytta kr 834 169 av sjølvkostfonda på avløp og renovasjon i 2019. Det er avsett kr 7 861 til sjølvkostfond på septik/slam. Det er også framført underskot på tenestene vatn, avløp og feiing med kr 1 266 205. Gebyra kan ikkje vera større enn utgiftene med tenestene. Overdekning på sjølvkostfond må attendebetalast i løpet av 5 år.

## 4.2 Driftsresultat

Driftsrekneskapen for 2019 er gjort opp med **kr 0 i rekneskapsresultat**, og med eit svakt **netto driftsresultat** på minus kr 4,0 mill. eller minus **1,39%**. Det er imedan store eingongsutgifter som har ført til negativt driftsresultat. Driftsutgiftene er under kontroll i 2019 på dei fleste planområda, men helse- og omsorg spesielt har store utfordringar med økonomien. Meirforbruket på planområda er dekt opp av andre etatar og av meirinntekter og mindreutgifter frå fellesinntekter/-utgifter. Driftsutgiftene er såleis framleis for høge i høve til inntektene i budsjett og økonomiplan framover. Kraftinntektene er under press og kan minke ytterlegare, sjølv om høge straumprisar kan få positiv effekt i enkeltår. Høge straumprisar i det siste fører også til større inntekter frå konsesjonskraftsal, men dette kan endre seg fort og er usikre inntekter, slik me nå har sett i 2020.

Det er ei stund varsle stigande rentenivå, dette kan få stor innverknad på driftsutgiftene i budsjetta framover. Korona-krisetider kan nok gjera om på dette.


Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse.

Nærare kommentarar til drifts- og investeringsrekneskapen fylgjer under kvart planområde.



## 4. Planområde 1 Sentraladministrasjonen og NAV

Organisasjonskart 31.12.19:



### Årsverk, likestilling og diskriminering

Kommunen hadde per 31.12.2019 266 årsverk fordelt på ca. 340 tilsette. Året før, desember 2018, hadde kommunen 251 årsverk. Grunnen til auke i talet på årsverk er stillingar retta mot enkelte brukarar innan helse og omsorg og oppvekst. Alle stillingane er ikkje faste men mellombelte. I tillegg er alle arbeidsavtalane om vikariat med i tal årsverk.

Kommunen har totalt 21 leiatar, inkl. rådmann, per 31.12.19. Av dette er 14 kvinner og 7 menn. I rådmannen si leiargruppa er det 4 kvinner (med NAV-leiar) og 3 menn.

Det er fleire kvinner enn menn i Tokke kommune. Av 341 tilsette var det 90 menn. Tokke har hatt fokus på å skaffe rett kompetanse på rett plass og det har difor ikkje vore prioritert særskilde tiltak for å rekruttere menn eller språklege minoritetar, men ulike nasjonalitetar er representert i alle etatane. **Det vert ikkje stilt spørsmål om religionstilknyting, politisk syn eller tilsvarande i arbeidsintervju.** Tilsette i Tokke kommune skal ikkje heller bli behandla forskjellig på grunn av nasjonalitet, religion, alder, kjønn, nedsett funksjonsevne, seksuell orientering eller anna tilsvarande grunn. Det er ikkje motteke meldingar om trakkassering av ei slik grunn.

I 2019 har det vore fleire tilsette, spesielt i helse og omsorgsetat men også i oppvekst, kultur og idrettsetat, som har fått større stillingsprosent enten på grunn av arbeid med heiltidskultur (helse og omsorg) eller etter behov for større stillingsstørrelsar og meir fagpersonell.



## *Etikk*

Etiske retningslinjer vert revidert og vedteken i 2016 av kommunestyret. Retningslinene omfattar følgande områder: etisk ansvar og lojalitet, informasjonsansvar, organisasjonskultur, korruptionsrelaterte handlingar, ulovlege eller krenkande handlingar, varsling, habilitet, gaver, innkjøp og bruk av sosiale media.

Tokke kommune brukar KSLærings portal for kunnskap og kompetanseheving for tilsette. Der er det laga kurs, nytilsett i Tokke kommune, som alle tilsette skal gjennomfører før dei begynner i kommunen. I den modulen ligg også etiske retningslinjer og kommunikasjonsplan.

Retningslinene gjeld både for tilsette og folkevalde.

I planarbeid og ved godkjenning av bygg og andre fysiske anlegg, gjeld sentralt lovverk i Plan- og bygningslova med tilhøyrande tekniske føreskrifter. Omsynet til universell utforming søker å ivareta i overordna planverk, i samfunnssdelen av kommuneplan og på sektornivå. Kommunen har aktive eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsemne. Alle planområde skal følgje på sitt ansvar i høve til føremålet i likestillings- og diskrimineringslova. Tokke kommune har eit ungdomsråd og barn- og ungerepresentant i plansaker. Folkehelse er vidare eit høgt prioritert område i Tokke kommune, der eit av hovudmål i samfunnssdelen av kommuneplan er at *Tokke kommune skal leggje til rette for eit sunt liv for alle innbyggjarar*.

## **4.1 Driftsresultat**

PLANOMRÅDE 1 - DRIFTSREKNESKAPEN 2019						
Konto	Tekst	Rekneskap 2019	Budsjett 2019	Rev. budsjett 2019	Disponibelt	Forbruk i %
100	Kommunestyret	<b>433 222</b>	258 684	298 684	<b>-134 538</b>	145
101	Formannskap	<b>224 545</b>	149 022	171 024	<b>-53 521</b>	131
102	Ordførar/varaordførar	<b>1 167 931</b>	1 278 428	1 278 428	110 497	91
103	Eldrerådet	<b>31 013</b>	30 500	30 500	<b>-513</b>	102
104	Kontrollutval og revisjon	<b>873 335</b>	852 000	852 000	<b>-21 335</b>	103
106	Rådet for funksjonshemma	<b>13 761</b>	12 998	12 998	<b>-763</b>	106
107	Skatte- og takstutval	<b>20 747</b>	26 005	26 005	5 258	80
108	Ymse	<b>162 511</b>	170 016	170 016	7 505	96
110	Fellestenester	<b>10 101 933</b>	10 234 799	10 711 584	609 651	94
111	IKT-Felles	<b>3 848 346</b>	3 226 782	3 226 782	<b>-621 564</b>	119
113	Ymse	<b>-1 000</b>	0	0	1 000	0
119	Avg.pl.sal/tenester	<b>0</b>	<b>-10 000</b>	<b>-10 000</b>	<b>-10 000</b>	0
121	Økonomiavdeling	<b>2 958 808</b>	2 920 119	2 980 114	21 306	99
140	Fellesutgifter/tilskot	<b>153 798</b>	155 000	155 000	1 202	99
141	Tokke kyrkjelege fellesråd	<b>3 870 000</b>	3 870 000	3 870 000	0	100
150	NAV - administrasjon	<b>2 392 922</b>	2 222 311	2 222 314	<b>-170 608</b>	108
151	NAV- sosiale tenester	<b>1 235 019</b>	1 268 336	1 268 336	33 317	97
		<b>27 486 891</b>	26 665 000	27 263 785	<b>-223 106</b>	101



Det er mindre overforbruk både på politiske organ(kr 86 000) og NAV (kr 137 000) – totalt kr 223 000. Det er stort meirforbruk på IKT i samband med etablering av felles IKT-drift i Tokke, Kviteseid og Vinje – VTDS. Også meirutgifter NAV i samband med etablering av NAV Vest-Telemark.

### Nærvar og fråvær

Sjukefråvær har gått ned gjennom heile 2018 og 2019. Den totale fråværsprosenten i 2017 var 7,82 %, i 2018 6,35 % og i 2019 5,6 %. Arbeidsmiljøutvalet har vedteke mål til sjukefråværet som er 6,5 %.

Låg sjukefråvær er stor grunn til glede både i arbeidstakar og arbeidsgjevar sida. Sjukefråværet har tidlegare vore høg spesielt i institusjon og i barnehagane men begge avdelinga har klart å redusere det betydeleg. Blant anna Dalen barnehage som hadde ein periode fråvær med langt over 20 %, redusera prosenten heilt ned til 1,55 % i andre kvartal i 2019. Det er også grunn til å tru at innføring av ny turnusordning i institusjon med lengre vakter og fleire fridagar har påverka positivt i fråværsprosenten i tillegg til det at administrasjonen og tillitsvalde har saman jobba aktivt med dette.

### Totalt sjukefråvær 2019, alle planområda

	Total 2019	4. kvartal	3. kvartal	2. kvartal	1. kvartal
<b>Total fråvær</b>	<b>5,60 %</b>	<b>7,19 %</b>	<b>4,04 %</b>	<b>5,38 %</b>	<b>6,35 %</b>
<b>Korttids</b>	<b>1,81 %</b>	<b>2,13 %</b>	<b>1,48 %</b>	<b>1,4 %</b>	<b>1,73 %</b>
<b>Langtids</b>	<b>3,79 %</b>	<b>5,06 %</b>	<b>2,56 %</b>	<b>3,98 %</b>	<b>4,62 %</b>

### Historikk

	2019	2018	2017	2016	2015	2014	2013
<b>Sentraladm.</b>	2,84 %	4,54 %	5,38 %	3,77 %	5,68 %	3,05 %	6,24 %
<b>OKI</b>	5,54 %	6,35 %	6,74 %	6,36 %	7,54 %	6,57 %	5,39 %
<b>HS</b>	6,5 %	5,91 %	11,03 %	11,02 %	10,8 %		
- helse						1,98 %	3,77 %
- omsorg						10,00 %	11,53 %
<b>PN</b>		4,04 %	6,19 %	1,18 %	1,97 %	2,72 %	0,19 %
<b>Teknisk</b>		6,03 %	3,71 %	9,00 %	6,72 %	5,39 %	7,95 %
<b>PNT</b>	4,40 %						
<b>Total</b>	<b>5,60 %</b>	<b>6,35 %</b>	<b>7,82 %</b>	<b>8,11 %</b>	<b>8,29 %</b>	<b>6,61 %</b>	<b>7,28 %</b>

### Arbeidsmiljø

Når ein ser på fråværsstatistikken for heile kommunen gjennom dei siste åra ser ein at prosenten har gått ned frå år til år. Dette vitnar blant anna om godt arbeidsmiljø og at tilsette i forskjellige avdelingar trivst og har det bra.

Det vart gjennomført ei leiarsamling med alle leiatar juni 2019. Tidlegare leiar i politiet Hanne Kristin Rohde hadde erfaringsforedrag med tema *Leiing under press*. I tillegg kom Jo Fiske frå KS-konsulentane. Han hadde foredrag om medarbeidarundersøking 10-faktor som Tokke skal gjennomføre i 2020. I foredraget fokusera han seg i faktor nr. 5 - meistringsorientert leiing.



Tokke kommune melde seg tidleg på året med i program som heiter Leiargalopp i Vestfold og Telemark. Leiargalopp er eit innovasjonsprogram arrangert av KS for å styrke rådmannen og leiargruppa i arbeidet med å leie og styrke innovasjon og digitalisering. Toppleiargruppa har delteke i 2 samlingar i 2019 og det skal vera 2 samlingar også i 2020.

Kvar kommune skal velje eit tema som kommune skal jobba med i galoppen. I leiarsamling i juni drøfta leiargruppa eventuelle utfordringar kommune kunne jobba med. Til galoppen valte rådmannen kommunikasjon som tema. Tema vert presentert i møte med kommunane i Vestfold og Telemark september 2019.

Kommune skal fyrst jobba med intern kommunikasjon for kunne til slutt tilby endå betre tenestar til innbyggjarar.

Det har ikkje vore store saker i 2019 som gjeld arbeidsmiljø i kommunen men bedriftshelsetenesta har vore med i ei sak for å løyse ein konflikt mellom to partar.

### *Internkontroll*

2019 var året for å gjennomføre vernerundar og lage nye HMS handlingsplanar for kommunestyreperiode 2019 - 2023. Dei fleste avdelingar har klart å gjennomføre både vernerunde og medarbeidarsamtale. Nye HMS-handlingsplanar blir vedteken i arbeidsmiljøutvalet våren 2020.

**Suksesshistoriar: Tokke hadde sjukefråværspesent 5,6 % i 2019 . I 2018 var prosenten 6,35%. Frå 2017 har me gått ned heile 2,25 %.**

Den er jobba med HMS og kvalitetsprosedyrar i avdelingane og etatane for å ta i bruk kvalitets og avvikssystem Compilo. Prosedyrane som gjeld generell HMS i kommunen er vedteke i arbeidsmiljøutvalet og kvalitetssikring av verksemda blir følgd opp gjennom desse prosedyrar, rutinar og regelverk.

Kommunen har omfattande prosedyrar og brukar Compilo også i handtering av avvik når det gjeld GDPR (General Data Protection Regulation).

Det har vore 3 HMS-avvik og 2 avvik angåande GDPR i kommunen. Sentraladministrasjon har i 2020 motteke til saman 7 avvik.

### *IKT*

Året 2019 starta med nyetablering av kommunesamarbeid på it drift. Vest-Telemark Driftsenter (VTDS) blei etablert av kommunane Tokke, Vinje og Kviteseid. Dette var eit resultat av regionsprosjekt for kommunesamarbeid og kommunereforma. I perioden 2017-18 vart det gjennomført eit forprosjekt for dette samarbeidet. Der vart ein rekke anbefalingar til forarbeid før etableringa gitt. Mange av desse anbefalingane vart det ikkje tilstrekkelig tid til å gjennomføre. Erfaringar frå andre etableringar av tilsvarande IT samarbeid vart også lagt til grunn i forarbeidet.

Av økonomiske sider vart det frå andre samarbeid m.a. forventa ein stor kostnadsauke under oppstart, etablering og start av samarbeidet. 2019 har vist at kostanden på IT drift har vore høgare enn ved eit forventa normalår.



At dette året ikkje har vore eit normalår er udiskutabelt. Omlegginga aleine var forventa å vere svært omfattande og krevje mykje arbeid. Dette måtte gå parallelt med drift av eksisterande installasjoner. Dessverre opplevde vi at gamalt utstyr som kommunane var avhengige av i det daglege slutta å fungere. Dette medførte store tidkrevjande tilleggsprosjekt med meirkostander som ikkje var pårekna.

Dette året var også året då svært mange fagsystem skulle flyttast. Fleire av dei måtte oppgraderast for å ha support av leverandør. Det vart også gjennomført anbod og kjøp av nye fagsystem i 2019. Dette er tidkrevjande prosesser. GDPR prosjekt og etablering av nye kommunesamarbeid som NAV kom også i 2019.

Drift samarbeidet hadde store delar av året redusert bemanning, og dei tilsette har gjennomført eit år med svært stort arbeidspress. Det var nødvendig å leige inn eksternt kompetanse for å få prosjekt i mål. Likevel blei alle prosjekt, planlagde og ad-hoc, gjennomført. Det er verdt å ha med seg at omlegging av denne størrelse og kompleksitet har ikkje tidlegare blitt gjennomført i kommunane. Liknande omlegging vart utført for 20 år sidan, men dagens krav til sikkerhet, integrasjon, opptid og kompleksitet er svært forskjellig.

### *Utfordringar*

Det ligg somme utfordringar for sentraladministrasjonen for 2020. Det viktigste arbeid vil vera å fortsetje med jobben for å få på plass eit nytt elektronisk system Compilo for HMS, kvalitet, GDPR og avvikshandtering. Leiing og tilsette som jobbar med å få inn prosedyrane i Compilo hadde 2 dagars kurs om dette i juni 2019.

Mål for kommunen er å ta Compilo fullstendig i bruk innan 1.3.2020. Etatane har hatt ein del utfordringar med å prioritera denne jobben i ein travel kvardag. Alle prosedyrane som gjeld kvalitet og HMS skal gjennomgåas og flyttas til Compilo.

Arbeidsmiljøkartlegging, 10-faktor, skal gjennomførast i 2020. Kommune har i slutten av 2019 søkt og fått ou-midlar frå KS for å få hjelp frå KS-konsulentane. KS-konsulentane skal før undersøkinga lære opp leiinga om metodikken og etter resultatet er ferdig får kommune hjelp til å lage eventuelle handlingsplanar i avdelingane og tips korleis det er best å jobbe med resultatet.

Politiske utval og formannskapssekretariat skal våren 2020 taka i bruk eit nytt system, First Agenda, for å dele og publisere møtedata.

Det har også kome ynskje om å ta i bruk digital årshjul i kommunen.

## **4.2 Rapportering, handlingsprogram**

Handlingsprogram – Planområde 1 og felles - Sentraladministrasjon		
Utfordring og tiltak	Mål	Status 31.12.18
<b>Interkommunalt samarbeid om felles IKT-drift:</b> Kommunestyret i Tokke, Vinje og Kviteseid har vedtatt å etablere eit samarbeid om felles drift.	Samarbeidet vert formelt etablert frå 01.01.2019.	Iverksatt frå 1.1.2019
<b>EcoOnline</b> Programvare for stoffkartotek, EcoOnline. Opplæring til leiarar, verneombod og tilsette.	Kunnskap blant tilsette om EcoOnline ved eventuell uhell på arbeidsplassen	Pågår




<b>Kompetanse om økonomi</b> Forvaltningsrevisjonsrapport om økonomistyring påpeikar m.a. tilstrekkeleg kompetanse innan budsjettering og budsjettstyring. Kommunen skal sørge for at det blir arrangert kurs til alle i leiinga.	Meir kompetanse og tryggleik når det gjeld budsjettering og økonomistyring. Medvitne om kva økonomiansvar inneber.	Ikkje gjennomført i 2019
KS Læring: Vidareføre og gi meir opplæring i bruken av KS Læring.	Lettare og meir økonomisk måte å auke kompetansen på	Pågår
<b>Compilo:</b> Nytt program, Compilo, for kvalitets- og avviksystem i etatane og innan HMS. Opplæring for alle i kommunen i bruken av systemet.	Betre system for kvalitetsstyring og kontroll over avvik i kommunen	Pågår

### 4.3 Nav

Aktivitetsplikt for mottakarar av økonomisk sosialhjelp blir nå innført	Dette er gjennomført for alle som ikkje kjem under unntaksregler ( f.eks ved sjukdom)
Tiltaka i bustadsosialhandlingsplan skal vidareførast.	Arbeidet i bustadgruppa fungerar bra og vi fylgjer handlingsplanen.
Nav Tokke skal bidra til at brukarane vert moderne og sjølv velje betjeningsløysingane på <a href="http://www.nav.no">www.nav.no</a> som fyrste val.	Det går bedre og bedre , fleire av brukrane nyttar seg av digitale løysingar , men vi har framleis nokon som ikkje klarer det. Våre nye landsmenn er dette utfordrande for.

Arbeidsløysa i kommunen held seg stabilt låg heile 2019, ca 1,0% av arbeidstyrken.

Sjukefråværet i kommunen og spesielt i nokre etatar i Tokke kommune har hatt ein veldig positiv utvikling i 2019 . Figuren under viser sysselsetting i % av befolkninga.



NAV Tokke har samarbeida veldig bra med integrering om denne oppgåva også i 2019. Vi har hatt eit kurs som fleire av flyktningane har og framleis deltek på.



NAV Tokke hadde stipulert med ei auke på økonomisk sosialhjelp som fylgje av busetning av flyktningar, den har ikkje blitt noko av. Det betyr at vi har fått dei over i andre tiltak eller at dei har fått seg jobb.

I 2019 har vi hatt eit omfattande arbeid med å bygge NAV Vest-Telemark og frå 01.01.2020 er Tokke kommune vertskommune for 6 av kommunane i Vest-Telemark for NAV - tenester til innbyggjarane.

Den kommunale delen av NAV Tokke har hatt i fylgje samarbeidsavtala mellom stat og kommune ansvar for 2019 :

- Klientbasert økonomi (økonomisk sosialhjelp – i dette naudhjelp og sosiale lån)
- Informasjon om tildeling av bustad, bustøtte, startlån og utbetringsstilskot
- Formidle - og hjelpe til med bustad etter lov om sosialtenester i arbeids og velferdsetaten
- Gjeldsrådgjeving
- Rettleiing i økonomi
- Forvalte ordninga med friplass i barnehage( oppheva hausten 2019)
- Taka aktivt del i basisgrupper, nettverksgrupper og samarbeidsmøte
- Individuelle samtaler
- Utarbeiding av individuell plan
- Fylgjekort for funksjonshemma, parkeringsprov og TT-kort




## 5. Planområde 2 – Oppvekst, kultur og idrett

### Personalstoda

Etaten har 90,8 årsverk og talet på tilsette er høgare grunna deltidsstillingar. Det er god søknad på stillingar som er ledige i etaten. Me klarer ikkje å stette krav om studiepoeng i alle fag i skulen, men me har no mange nok barnehagelærarar for å dekke minimumsbemanninga for denne yrkesgruppa.

Etaten sitt fagområde er vidt og stort, samstundes som det ikkje er mellomleiar på fleire fagområde. OKI er underlagt eit lovverk som i stor grad styrer aktiviteten hjå oss, irekna lovkrav til kompetanse i enkeltstillingar.



### Utvikling av barnetal i barnehagen:

#### Dalen barnehage:

	2016/2017	2017/2018	2018/2019	2019/2020
Plassar	78	73	69	63
Barn	61	55	43	44

#### Dalen barnehage Åmdals Verk:

	2016/2017	2017/2018	2018/2019	2019/2020
Plassar	17	7	7	6
Barn	13	7	6	4



*Høydalsmo barnehage:*

	2016/2017	2017/2018	2018/2019	2019/2020
Plassar	19	22	27	22
Barn	15	17	19	18

*Høydalsmo barnehage Lårdal:*

	2016/2017	2017/2018	2018/2019	2019/2020
Plassar	18	15	10	8
Barn	11	10	7	5

*Utvikling av elevta i grunnskulen*

Teljedato i skule til offentleg statistikk er 01.10 kvart år

*Tokke skule:*

	2016/2017	2017/2018	2018/2019	2019/2020
Barnetrinnet	123	130	134	136
Ungdomstrinnet	55	47	50	51
<b>SUM</b>	173	177	184	187

*Tokke skule Åmdals Verk:*

	2016/2017	2017/2018	2018/2019	2019/2020
Barnetrinnet	12	12	12	8
Ungdomstrinnet				
<b>SUM</b>	12	12	12	8

*Høydalsmo skule:*

	2016/2017	2017/2018	2018/2019	2019/2020
Barnetrinnet	47	43	43	41
Ungdomstrinnet	17	19	18	22
<b>SUM</b>	64	62	61	63

*Utvikling av besøkstal og utlån i biblioteka:*

	2016	2017	2018	2019
Besøkstal	16 584	16 974	17 337	19 977
Utlån	17 254	18 053	16 712	17 991

*\*) Tala gjeld både Høydalsmo og Dalen samla*

Me ser ei fin auke i besøkstal. Dette skulda utvida opningstid etter etablering av meirope/sjølvbetening ved hovudbiblioteket på Dalen. Tilbodet er populært, særleg visse ettermiddagar i veka då det er mykje anna aktivitet på kulturhus og idrettsanlegg. Utlånet av film og lydbøker går ned år for år, ettersom tenester for strøyming og nedlasting tek over. Då er det gledeleg å sjå auke i totalt utlånstal. God vekst i utlån av fagbøker og skjønnlitteratur til barn. Dette er eit satsingsområde, innkjøp av bøker til barn vert prioritert og kampanjen Sommarles bidreg til dei gode tala.



## Nærvær/sjukefråvær

	<b>2019</b>	<b>2018</b>	<b>2017</b>	<b>2016</b>	<b>2015</b>	<b>2014</b>	<b>2013</b>
<b>Planområde 2</b>	94,46%	92,5%	93,26%	93,64%	92,46%	93,43%	94,81 %
Langtidsfråvær	3,86%	5,59%	4,83%	4,79%	5,88%		
Korttidsfråvær	1,68%	1,91%	1,92%	1,57%	1,66%		

Fræværet samla i 2019 er redusert, gjeld både korttid og langtids. Det er generelt høgare sjukefråvær i barnehagane enn skulen.

## 5.1 Økonomi

Konto		Regnskap	Budsjett	Forbruk
<b>200</b>	Oppvekstutvalet	143 260	118 899	120 %
<b>210</b>	Oppvekst.kultur og idretts adm.	1 226 259	1 305 476	94 %
<b>212</b>	Vaksenopplæring	2 510 687	2 928 367	86 %
<b>215</b>	Integreringsarbeid	3 272 258	3 276 245	100 %
<b>220</b>	Fellesugifter	3 842 075	5 637 130	68 %
<b>221</b>	Tokke skule	17 733 695	18 747 750	95 %
<b>222</b>	Høydalsmo skule	11 345 691	10 686 877	106 %
<b>223</b>	Tokke skule Åmdals Verk	1 194 048	1 186 333	101 %
<b>230</b>	Kulturadministrasjon	387 441	409 291	95 %
<b>231</b>	Kulturskule undervisning	3 351 538	3 368 549	99 %
<b>232</b>	Kultur tiltak	2 614 798	1 856 642	141 %
<b>233</b>	Idrett	654 856	795 722	82 %
<b>234</b>	Fritidsklubb	926 710	1 074 959	86 %
<b>235</b>	Samfunnshus	622 268	676 541	92 %
<b>236</b>	Bibliotek	1 583 107	1 612 887	98 %
<b>240</b>	Fellesutg. barnehagar	1 529 813	1 530 177	100 %
<b>241</b>	Dalen barnehage	10 368 414	10 675 584	97 %
<b>242</b>	Høydalsmo barnehage	2 503 372	2 544 808	98 %
<b>243</b>	Dalen barnehage Åmdals Verk	1 769 245	1 634 011	108 %
<b>246</b>	Høydalsmo barnehage Lårdal	1 690 438	1 704 767	99 %
		<b>69 269 973</b>	<b>71 771 015</b>	

Underforbruk i planområde 2 er på kr 2 501 042 – det skuldast fleire faktorar.



#### **Dei største differansane i lønnsutgifter:**

- Ved sjukefråvær på fellesområdet er det ikkje teke inn vikar – innsparing kr 200 000
- Halde vakant stilling i Dalen barnehage – innsparing kr 350 000
- Etaten har vore restrektiv med å ta inn vikarar. Fleire stadar går leiinga inn å arbeider på avdeling eller i undervising.
  - Dette er uheldig, då det vil medføre auka arbeidspress og truleg auka sjukefråvær
  - Leiinga får ikkje like stort fokus på utviklingsarbeid

#### **Dei største differansane i driftsutgifter:**

- Det er ikkje fornøya læreverk i 2019, grunna fagforsyninga som kjem hausten 2020. Om lag kr 500 000
- Skuleskyss har blitt billigare enn venta. Om lag kr 100 000
- Driftsutgiftene i VO er redusert med om lag kr 260 000
- Det har ikkje vore så mange arrangement på kulturhuset, gjev ei innsparing på om lag kr 100 000
- Leige – leasing – om lag kr 150 000
- PPT har halde prisane uendra, då dei har kapital. Generalforsamlinga har vedteke at kapitalen skal reduserast før prisen aukar. Ein kan vente at prisen for tenesta vil medføre ein vesentleg høgare vekst enn den kommunale deflatoren. Dette utgjer omlag kr 80 000.

Dette er postar som gjev reduserte kostnader med kr 1 190 000.

#### **Konklusjon:**

Ein kan konkludere med at etaten har laupande utgiftskontroll og vurdering av innsparingstiltak (både på løn og drift). Dei viktigaste postane som gjev overskotet er vist over.

Tokke kommune brukar mindre del på barnehage og skule, målt opp mot det totale driftsbudsjetten, samanlikna med nabokommunar og kostragruppe 3.

#### **KOSTRA:**

##### **Barnehage:**

Parameter	Tokke	Vinje	Fyresdal	Nissedal	Seljord	Kviteseid	Kostra gr 3	Landet
Andel bhg.lærar i høve til grunnbemanning	57,8 %	37,1 %	52,4 %	36,1 %	53,8 %	48,3 %	38,8 %	40,7 %
Netto driftsutgifter – pr. innbyggjar 1-5 år	280 ‘	229 ‘	202 ‘	279 ‘	217 ‘	..	182 ‘	164 ‘
Netto driftsutgifter til barnehagar, prosent av kommunen sitt totale driftsbudsjett	10,7%	15,5 %	7,4%	14,9%	12,2 %	..	11%	14,3%
Andel barn som har barnehage, - 1 – 5 år	90 %	81 %	85 %	88 %	87 %	..	93 %	63 %



Netto driftsutgifter til barnehagar er høgt. Samstundes brukar Tokke mindre til barnehage målt opp mot totalbudsjettet – samanlikna med nabokommunane og kostragruppa.

#### *Skule:*

Parameter	Tokke	Vinje	Fyresdal	Nissedal	Seljord	Kviteseid	Kostra gr 3	Landet
Netto driftsutgifter – pr. innbyggjar 6 - 15 år	162 ‘	165 ‘	162 ‘	180 ‘	135 ‘		165 ‘	135 ‘
Netto driftsutgifter til skule, prosent av kommunen sitt totale driftsbudsjett	19,9%	23,9%	27,4%	24,2%	22,9%		22,1%	23 %

Tokke kommune har ein einingskostnad pr. elev som ligg under fleire av dei andre kommunane i Vest-Telemark og på nivå med dei andre kommunane i kostragruppe 3 (samanliknbare kommunar).

Tokke er den kommunen i Vest-Telemark som brukar minst på skule, målt mot kommunen sitt totale driftsbudsjett.

#### *Kultur:*

Parameter	Tokke	Vinje	Fyresdal	Nissedal	Seljord	Kviteseid	Kostra gr 3	Landet
Netto driftsutgifter til kultursektoren – i forhold samla driftsutgifter i kommunen	9,1 %	8,6 %	6,7 %	2,8 %	4,5 %		4,4 %	4,2 %
Netto driftsutgifter til idrett – i forhold samla driftsutgifter i kommunen	1,6 %	0,6 %	2,5%	0,5 %	2,2 %		1,4 %	1,4 %
Netto driftsutgifter til barn og unge – i forhold samla driftsutgifter i kommunen	2,2 %	1,8 %	1,4 %	1,3 %	1,1 %	1,9 %	1,2%	0,9 %
Netto driftsutgifter til kultursektoren pr. innbyggjar	8 808	6 518	6 191	2 785	2 808	3 336		3 562
Andel barn i kulturskulen	77,8 %	51,1 %	43,3 %	40,7 %	38,2 %	38,9 %	31,4 %	18,9 %



Delen av barn i målgruppa som nyttar seg av kulturskulen er høg målt opp mot dei andre kommunane i regionen.

Det er ikkje lett å samanlikne talet for netto driftsutgifter til kulturområdet. I denne posten inngår også reinhald og vaktmeistertenester for kommunale kulturbygg. Det er ei fordeling som alle kommunar fordeler skjønnsmessig og kan gje ei viss usikkerheit i netto driftsutgifter. Faste utgifter (tilskot mm.) på kulturområdet utgjer noko i overkant av kr 1 000,- pr. innbyggjar. Faste tilskot innan kulturområdet utgjer 35% av det samla budsjettet. VTM får tilskot som utgjer 23% av samla utgifter på kulturområdet. Svært mykje av utgiftene på kulturområdet er bundne opp i tidlegare vedtak.

Avvik: 0 avvik i 2019. Det er utan tvil underrapportering på avvik. Avvik som er knytt til bygg ol. er registrert på teknisk etat.

## 5.2 Rapportering, handlingsprogram

Utfordring og tiltak	Mål	Evaluering
«Vurdering for læring»/klassleiring	Vidareføre fokus på området inn i 2019. Sjølv om ein er ferdig med satsinga frå staten, er det viktig å nytte utviklingstid for å sikre at ein opprettheld gode rutinar for desse to tiltaka.	Utviklingsarbeidet i skulen har stadig fokus på satsingar ein har hatt tidlegare. Viktig at særskilte tiltak går frå prosjekt til drift.
«Aktiv og synleg kulturskule» Tokke kulturskule skal bli ein viktig ressurs og kompetansesenter for kultur.	Organisere vår verksemد i tråd med den nye rammeplanen kulturskulen – samarbeid i regionen med utarbeiding lokale læreplanar.	Kulturskulen skifta leiing i august. Det har ikkje vore mogeleg og hatt like stort fokus på utviklingsmåla i handlingsplanen.
	Sikre og styrke eit godt samarbeid mellom kulturskule og heim. Opprette eit samarbeidsutval for kulturskulen.	
	Tilby fleire korte kurs, for å ha eit variert tilbod. F.eks. kreativ skriving, foto, osv. Gjerne i samarbeid med private aktørar eller lokalt næringsliv.	
Kompetanseheving	<i>Barnehagen:</i> Kompetanseheving med fokus på det pedagogiske tilbodet, særskilt inn mot to område – inkluderande barnehage og innføring av ny rammeplan.	Personale deltek på felles kompetanseutvikling i regionen.
	<i>Skulen:</i> sikre naudsynt kompetanse i basisfaga, som stettar lovkrav. Det er varsle nye rammeplanar, det vil òg kunne medføre auka kompetansebehov. Vidare er det trøng for kompetanseutvikling.	Me har tilsette som tok til på spes.ped og matematikk hausten 2019. Våren 2019 var lærarar ferdig med engelsk og grunnleggjande matematikk, skriving og lesing.
	<i>Barnehage og skule:</i> Arbeidsplassbasert kompetanseutvikling med fokus på eit	Ressurspersonane er kursa gjennom UDIR. Saman med leiinga har dei ansvar for



	inkluderande barnehage og skulemiljø.	kompetanseutviklinga på arbeidsplassane.
Planarbeid	Rullering av barne- og ungdomsplanen, utviklingsmål og lokale læreplanar.	Det blir jobba med lokale læreplanar, spesielt i kulturskulen. Barne- og ungdomsplanen kjem i 2020.
Kulturhuset	Det har vore mange flotte arrangement på kulturhuset, men det er til tider lite frammøte. Ein vil jobbe for å få til arrangement som kommunen står som arrangør av, omlag ei gong pr. mnd, ca. 8 pr. år. I tillegg er det andre som tilbyr arrangement på kulturhuset.	Det har vore fleire arrangement av høg kvalitet på kulturhuset, men ein stirr med å få publikum.

### 5.3 Dalen barnehage og Dalen barnehage Åmdals Verk

2019 var eit godt år med mykje samarbeid med på kryss og tvers mellom avdelingar på Dalen og Åmdals Verk. På både plassane har ein brukta nærmiljøet aktivt, ein har gått på turar til parken, Krosscut, kjærlighetstien, Soria Moria, hotellhagen og Rui.

Utviklingstida vår har i hovudtrekk handla om IBSM, me har utarbeidd eit verdigrunnlag og hatt fokus på relasjonskompetanse.

Barnehagen ynskjer å vere med på å legge til rette for at alle barn skal ha ein god oppvekst, då me veit at ein god oppvekst varer livet ut. I haust starta nokre av pedagogane på ei kursrekke som handlar om leik som regulering, og kunnskap om kor viktig samspelet som skjer tidleg i livet er.



## 5.4 Høydalsmo barnehage og Høydalsmo barnehage Lårdal

«Inkluderande skule og barnehagemiljø» er i fokus. Har brukta mobbeombodet i Vestfold/Telemark i personalet og avtalt foredrag i høve til føresette våren 2020. Brukar tid på dette prosjektet både på personalmøter og ped.leiarmøter.

Me har 4 fellesdagar i året, der alle i Høydalsmo og Lårdal samlast. Desse dagane er veldig fine.  
«Barnehagen skal aktivt leggje til rette for utvikling av venskap og sosialt fellesskap», (Rammeplanen 17).  
Me ynskjer å skape eit fellesskap mellom barna i Høydalsmo og Lårdal, slik at dei har ein relasjon og kjennskap til kvarandre før dei startar i skulen saman. I tillegg møtast 5-åringane kvar 14.dag.  
Elles har me starta så smått med arbeidet med ny barnehage i Høydalsmo. Spennande tid framfor oss.

## 5.5 Tokke skule/ Tokke skule Åmdals Verk

Tokke skule har fokus på å skape eit trygt og godt skolemiljø for alle. I tillegg til å delta i den nasjonale satsinga inkluderande barnehage- og skolemiljø, har vi også blitt ein MOT-skule. Dette er eit handlingsskapande program retta mot ungdom, der målet er å styrke ungdommene si robustheit og livsmeistring. Resultatet frå elevundersøkinga syner at elevane trivast på skulen og at dei opplever god støtte frå lærarane. Målet er trygge vaksne som er gode rollemodellar, bryr seg og er til stades i skulekvardagen til elevane. Skulen deltek også i Aktiv 365, der ei gruppe elevar i 7. klasse er utdanna til å vere aktivitetsleiara. Desse syter for aktivitet kvar dag i storefri. Dette har fungert veldig bra i år. Skulen har fått nytt skulekjøkken. Dette har blitt svært brukarvenleg og flott.  
Arbeid med fagfornyinga og implementering av nye læreplanar har elles stort fokus, og vil ha det framover.

### Suksesshistoriar:

Nyoppussa skulekjøkken

Innføring av livsmeistringsprogrammet MOT

## 5.6 Høydalsmo skule

Høydalsmo skule deltek i den nasjonale satsinga inkluderande barnehage- og skolemiljø.

Fokusområda våre her er mellom anna å skape inkluderande friminutt, vere gode vaksne rollemodellar og ha ei systematisk avdekking rundt utfordringar i elevane sitt psykososiale skolemiljø - §9a.

Elevundersøkinga syner at elevane våre trivast på skulen, dei opplever at det er eit trygt miljø med god støtte frå vaksne.

Arbeid med fagfornyinga og implementering av nye læreplanar har stort fokus, og vil ha det framover.



## **5.7 Kulturskulen**

Kulturskulen i Tokke har i år fortsett med dei ordinære tilboda frå førre året. Kulturskulen er ein viktig del av livet til mange born og unge i Tokke og desse tilboda er svært populære. I Telemark går 17% av born og unge i grunnskulealder på kulturskulen, i Tokke er det hele 56% av desse som nyttar seg av tilboden (desse tala er basert på GSI-rapportering). Kulturskulen og skulen i Tokke samarbeider om korps i skulen, noko som har synleggjort seg med blomstrande korps i kommunen. Kulturskulen sine elevar har i år gjennomført fleire små konserter i kommunen, til glede for innbyggjarane og til stor lærdom for elevane. Både korpset og Tokke songlag har gjennomført samarbeidsprosjekt som strekker seg utover kommunegrensene og inn i hjartet til folk, noko som synleggjer Tokke som ein kommune der kulturen står høgt på agendaen.

Kulturskulen arbeider vidare med lokale rammeplanar for kulturskulen, desse skal vere klare til neste skuleår.

## **5.8 Vaksenopplæringa/flyktningtenesta:**

Samarbeidet mellom kommunen og fylkeskommunen om grunnskuleopplæring for vaksne blei formalisera, slik at det frå hausten 2019 vart oppretta ei kombinasjonsklasse for minoritetsspråklege elevar. Elevar frå andre kommunar i Vest-Telemark nyttar seg også av tilboden. Alle deltakarane som gjekk ut av introduksjonsprogrammet i 2019 gjekk over i arbeid eller vidare studiar. Ein person starta opp eige enkeltpersonføretak, med god hjelp av ein mentor. Regiondirektøren i IMDi Sør var på besøk for å sjå korleis me arbeider. International Organization for Migration (IOM) heldt to landinformasjonsseminar om Syria, eitt for tilsette i kommunen og eitt for foreldre og andre innbyggjarar.

## **5.9 Ungdomsklubben**

Nokre aktivitetar utover ordinær drift:

- Rusfri fest
- Nordic gameday
- Zululan
- Fellesaktivitetar
- Aktivitetsdag med SFO
- Stand på Dalsmarken/yrkesmessa
- Samarbeid med russen om arrangement

Uteområdet på Elvarheim blei opprusta, med beplanting, sitjeboksar m.m. og høgspent over området blei lagt i jord.

## **5.10 BTI**

Tokke er i gang med BTI (betre tverrfagleg innsats)-prosjektet. Prosjektet består i å lage ein samhandlingsmodell for tenester som møter gravide, barn, unge og foreldre det er knytt uro til. Ein del av prosjektet er å utarbeide ein digital rettleiar som sikrar at det blir sett i verk tidleg innsats, og at den vert koordinert mellom fleire tenester og utan oppfølgingsbrot. Ein vil og legge til rette for at foreldre og barn opplever brukarmedverknad i saker som handlar om dei. Ved å bruke ein rettleiar i møte med uro for eit barn vert det meir føreseieleg kva ein skal gjere med uroen, og det vil gje alle tenestar som er involvert eit



felles fagspråk og kompetansegrunnlag. Slik vil vi sikre at dei barna i Tokke som ein av ulike årsaker får ein uro for, vil få den oppfølginga som trengs.

Prosjektet går i utgangspunktet fram til desember 2020 og er finansiert gjennom midlar frå Bufdir.

## 5.11 Kultur

Faste utbetalinger i 2019:

Kulturmidlar	165 000
Idrett	100 000
VTM	1 595 522
Prisar	45 000
TV aksjon	18 000
Lårdal ungdomshus	15 000
Austheia grendehus	31 000
Mo grendehus	54 500
Eidsborg grendehus	54 500
Løypetilskot HIL	60 000
Huka	100 000
Åmdal IL	40 000
Skafsa motorsportklubb	30 000
Åmdal Tokke fotballklubb	50 000
SUM	2 358 522

Faste utgifter innan kulturområdet utgjer 35% av samla budsjett. (VTM får tilskot som utgjer 23% av samla utgifter på kulturområdet.)

## 5.12 Bibliotek

2019 var det fyrste året med full drift av løysing for sjølvbetening på hovudbiblioteket. Arbeidstid og turnus er endra, slik at det i større grad er to på jobb på dagtid. Det er framleis ope ein kveld i veka på Dalen. Høydalsmo filial held ope som før. Der ser ein ei lita auke i besøk etter oppussinga.

Det har blitt gjennomført 35 ulike arrangement, med til saman 1857 frammøtte. Tokke bibliotek fekk prosjektstøtte på kr 25 000 i samband med Bokåret, til gjennomføring av tre litteratur- og debattkveldar. Under temaet BYGDA fekk ein samla eit lokalt panel og ein forfattar kvar kveld, til samtale rundt ei aktuell problemstilling.

I samband med fylkeskommunen si satsing "Telemark les Ibsen", fekk Tokke kr 60 000 til formidling av historia om kontakten mellom målaren Mikkel Mandt og Henrik Ibsen. Dette var eit samarbeid med Vest-Telemark Museum og skodespelar Montserrat Ontiveros.



Årets høgdepunkt vart markeringa av 20-årsjubileet for Harry Potter på norsk. Biblioteket fekk til eit samarbeid med Dalen Hotel, som viste seg å vere perfekt som lokal versjon av Galtvort høgare skule for trolldom og hekseri. Alle 5. og 6. klassingar i kommunen vart invitert til "seminar", med valhattseremoni i stivpynta spisesal og konkurransar ute i parken.



## 6. Planområde 3 – Helse og omsorg

Etaten har gjennom året fortsatt arbeidet med omstilling og utvikling. God drift er heilt avgjerande for å drive utvikling i tråd med regjeringa sin retning om betre kvalitet i tenestane og større innflytelse i eigen kvardag. God drift er også avgjerande for godt arbeidsmiljø, økonomisk handlingsrom og utviklingskraft.

Det har vore gjort eit stort arbeid med å samordne drifta mot økonomiske rammer. Utviklingsarbeid på fleire område er sett i verk, men etaten er fortsatt ikkje i mål. Dette er eit arbeid som me må halde fram med i året som kjem.

Det er lagt ned eit stort arbeid i kommunedelplanen for helse og omsorg, som me forventar at blir vedteken første del av 2020. Den vil vera førande for tenestane i åra som kjem. Etaten har hatt fokus på innovasjon, effektiv drift og utvikling. Her har det vore eit stort engasjement, endringsvilje og evne til å tenke nyt.

I 2019 har etaten halde fram med arbeidet for å styrke heiltidskultur. Tokke kommune er på topp når det gjeld andel heiltidsstillingar for helse og omsorgstenesta i landet. Store stillingar er viktig for å betre kvaliteten til brukarane, men også for å styrke kompetansen og arbeidsmiljøet i etaten.

Etaten har halde fram med arbeidet for å redusere sjukefråværet gjennom året. Sjukefråværet har gått ned frå 11,03 % i 2017 til 5,91% i 2018 og 6,5 % 2019.

Det er lagt stort fokus på endringsarbeide i året som gått. Nesten alle avdelingar i helse og omsorgsetaten har arbeida med endring i drift, eller tenestetildeling. Det krev endringskompetanse i organisasjonen. Dyktige tilsette og leiarar har bidrige til utvikling og gode tenester.

2019 har også vore året for å arbeide med Velferdsteknologi. Prosjektleiar i Velferdsteknologi i Vest Telemark er viktig for å få framdrift i arbeidet. Tokke kommune har tatt del i samarbeidet som fortset 2020.

Det har også vore gjennomført eit akuttkjede prosjekt i Telemark, der Vest Telemark kommunane også har vore med i seiste del av 2019. Prosjektet er ei styrking og kvalitetssikring av pasientbehandling i tidleg fase.

Forprosjekt om Kreftbehandling i kommunen i samarbeid med Sjukehuset i Telemark og Vinje kommune, vart avslutta. I forprosjektet vart det konkludert med at det er god grunn til å fortsetje med eit hovudprosjekt. Hausten 2019 var sak om hovudprosjekt til politisk handsaming i både Tokke og Vinje kommune. Med positiv oppslutning gjekk prosjektet over i eit hovudprosjekt, som vill strekke seg over eit år. Prosjektet fekk støtte av Fylkesmannen i Vestfold og Telemark, samt samhandlingsmidlar frå Sjukehuset i Telemark. Det er planlagt oppstart av kreftbehandling i kommunen vår 2020.

### 6.1 Økonomi

Helse- og omsorgsetaten hadde eit overforbruk på 4 650' kroner i 2019. Det er fleire grunner til overforbruket. Det har vore knytt store utgifter til ein enkelt brukar, der er tiltaket avslutta 2019.

Etaten strevar fortsatt med å få plass til alle som har behov, og har kjøpt plassar i andre kommunar. Det gjelder framfor alt kortidsplassar. Vi har også hatt nokon overliggjarar på sjukehuset gjennom året, dette er med på å skape overforbruk. Barnevernet har hatt overforbruk med bakgrunn i auka tiltak og oppfølging av familiar. Etaten treng å arbeide meir med oppfølging på både utgifts og inntektssida, samt tettare ha samarbeid med økonomiavdelinga.



Kommentar til dei største avvika:

321 Legetenesta Noko høgare utgifter til legevakt Mindre inntekter enn berekna	- 205 000
342 Barnevern Auke av tiltak og oppfølging	- 285 000
349 Psykisk helse Utgifter knytt til enkeltbrukar i anna kommune	- 1 000 000
351 Heimetenesta Ekstra bemanning på omsorgssentret i periodar med store omsorgsbehov Auka utgifter medisinsk forbruksmateriell	- 755 000
352 Institusjon Overforbruket er eit resultat av kaup av plasser i andre kommunar og overliggar på sjukehus – utgjer ca 1 100' Lågare inntekt enn forventa ca 800' Auka utgifter til medikament ca 164'	- 1 549 000
355 Åheim bufellesskap Underbudsjettert lønn	-1 167 000

### INNESTERING OG PROSJEKT

- Garasje for heimetenesta er på plass
- Arbeid med ombygging av hovudkjøkkenet er rute

#### Suksesshistoriar:

→ Utvikling av Dagtilbod for heimebuande demente


### KOSTRA 2019

KOSTRA tall for helse og omsorgtenesta 2019 er så langt foreløpige. Fortsatt ligg Tokke kommune høgt i resursbruk i forhold til Kostragruppe 3 og Landet. Tokke kommune har også ein høg andel eldre innbyggjarar, som kan påverka tenestane i nokon grad. I forhold til dei andre Vest Telemark kommunane ligg Tokke kommune høgt på forbruk totalt, men når me ser på tenesteområda ligg me nok så likt andre. Tokke kommune skil seg ut i forebygging skulehelseteneste og helsestasjon, der me ligg høgt. Etaten må arbeide med å redusere utgifter i enkelte avdelingar. Men det er også viktig å arbeide med å auke inntekter.




Nøkkeltall	Enhet	Tokke	Vinje	Sejord	Nissedal	Kviteseid	Fyresdal	Kostragruppe 03	Landet uten Oslo
		2019 +	2019 +	2019 +	2019 +	2019 +	2019 +	2019 +	2019 +
Utgifter kommunale helse- og omsorgstjenester per innbygger (kr)	kr	50 433	48 820	36 689	48 245	..	46 404	40 597	28 727
Årsverk helse og omsorg per 1000 innbygger (årsverk)	årsverk	511,2	441,0	384,8	538,1	402,5	486,9	424,3	313,6

12362: Utgifter til tjenesteområdene, etter region. Helse- og omsorgstjenester til hjemmeboende, Korrigerte brutto driftsutgifter på funksjon/tjenesteområde, Beløp per innbygger (kr), 2019.




Kilde: Statistisk sentralbyrå

12362: Utgifter til tjenesteområdene, etter region. Helse- og omsorgstjenester i institusjon, Korrigerte brutto driftsutgifter på funksjon/tjenesteområde, Beløp per innbygger (kr), 2019.




Kilde: Statistisk sentralbyrå

12362: Utgifter til tjenesteområdene, etter region. Diagnose, behandling, re-/habilitering, Korrigerte brutto driftsutgifter på funksjon/tjenesteområde, Beløp per innbygger (kr), 2019.



Kilde: Statistisk sentralbyrå

12362: Utgifter til tjenesteområdene, etter region. Forebygging, helsestasjons- og skolehelsetjeneste, Korrigerte brutto driftsutgifter på funksjon/tjenesteområde, Beløp per innbygger (kr), 2019.



Kilde: Statistisk sentralbyrå


## PERSONALE, STILLINGAR OG KOMPETANSE

Rekruttere og behalde kompetent personale er den største utfordringa for helse og omsorgstenestane i framtida. Kompetansefordeling og utvikling er viktig for å behalde og stille personale i stand til å møte utfordringar i framtida. Gjennom dei seiste åra har det vore arbeidd med å styrke kompetansen lokalt. Tokke kommune har liten andel uflaglærte i helse og omsorgstenesta i høve til andre kommunar.

Arbeidet med heiltidskultur er godt forankra og arbeidet som blir gjort i samarbeid mellom tillitsvalte og leiinga er viktig. Det er viktig at planlagt kompetanse heng saman med det som er den reelle kompetansen. Her har etaten gjort ei stor forbetring på institusjon, dei siste åra. Det er ei stor endring i forskjellen på planlagt og reell kompetanse frå 2017 til 2019.




2017



Fleir ufaglaerte på arbeid enn planlagt



2019 |



Fleire andel fagutdanna enn planlagt

Utvikinga i talet på heiltidstilsette har auka jamnt dei seiste åra og kommunen ligg godt an i høve til andre kommunar. Det er svært viktig å halde fram med arbeidet, for gevinsten er færre tilsette på arbeid, stabilt personale og dermed færre omsorgspersonale for den enkelte brukar og auka kvalitet på tenestar. I tillegg er det eit tiltak for å rekruttere og behalde tilsette i helse og omsorgsorganesta, gjennom å tilby større stillingar.





## HMS

Arbeid med å redusere sjukefråveret held fram. Ved årets ende var det samla sjukefråværet på 6,5 %. Dette er eit akseptabelt nivå, men ein arbeider for å få det ytterlegare ned. Grunnen til høgt sjukefråver er samansett, men det er særskilt viktig med kontinuerleg oppfylging. Til tider er det krevjande å få til i etaten. Tett samarbeid med fastlegane er heilt avgjerande for kor stor grad me klarer å nytte høve til tilrettelegging. Her må avdelingsleiarane vera tett på heile tida.

Samarbeid med tillitsvalde rundt forskjellige turnusordningar er også av stor betydning for auka trivsel. Det vil vera med på å gje tilsette høve til å påverka arbeid og fritid i større grad, noko som aukar trivselen blant tilsette. Det gjev også betre høve til å legge til rette ei livsløpturnus for både seniorar og tilsette med små born. Både Åheim bufellesskap, som har 12 timars turnus og institusjon med årsturnus er gode eksempel på alternativ turnus. Det er no også avtalt at heimtenesta skal setje i verk årsturnus frå 2021.



Avdeling	Fråværsprosent
Helse og omsorg adm	3,79
Legegeneste	0,87
Fysio - ergo	2,13
Helsestasjon	5,41
Psykisk helse og rus	1,7
Heimesjukepleia	5,54
Omsorgssentret	8,48
Institusjon	8,63
Åheim	8,58
Kjøkken	2,43
<b>Total 2019 HO</b>	<b>6,5</b>

## 6.2 Rapportering handlingsprogram

Mål nr.	Utfordringar og tiltak	Mål	Evaluering
<b>6.4.1.</b>	<p>Økonomi og resursbruk</p> <p>Økonomisk overforbruk</p> <p>→ Innføring og bruk av gode verktøy for økonomistyring til døme «Heiltidsmodellen», GAT EFO</p> <p>Leiarutvikling – opplæring</p> <p>Utprovning av fleksible arbeidsordningar/turnus</p>	<p>Budsjett og forbruk i balanse</p> <p>Gode verktøy for å avdekke avvik</p> <p>God struktur på rapportering</p> <p>God leiing og styring av resursar</p>	<p>Delvis gjennomført arbeidet fortsetter 2020.</p> <p>Bruk av verktøy er innført</p> <p>Delvis satt i verk</p> <p>Satt i verk på Åheim og institusjon</p>
<b>6.4.2</b>	<p>Utviklingsmål</p> <p>Dagtilbod – eit samarbeidprosjekt i helse og omsorgsetaten</p> <p>→ Eit åpent helsesenter</p> <p>Forprosjekt saman med STHF om moglegeheit for kreftbehandling i kommunen</p>	<p>Differensierte fagretta dagaktivitetstilbod for innbyggjarar i Tokke kommune</p> <p>Skape møteplasser for innbyggjarar</p> <p>Utvikle behandlingstilbod i kommunen –samarbeid med STHF</p>	<p>Sett i verk.</p> <p>Dagavdelinga funger i tråd med plan.</p> <p>Forprosjekt er gjennomført, tiltaket gjekk over i</p>



	Lokalt utviklingsprosjekt rus og psykisk helse → Forsterka omsorgsbustader	Opptrapping av tenestar; rus og psykisk helse	hovudprosjekt frå september 2019  Delvis sett i verk. Bruk av avdeling J aukar. Kartlegging er starta opp, men ikkje ferdig
<b>6.4.3</b>	Kvalitetsmål  Innføring av aktivt bruk av kriteriedata for tildeling av tenestar (IPLOS)  Videre utvikling av omsorgstrappa	Tenestetildeling etter behov  Sikre rett bruk av datainnsamling  Rett teneste til rett tid	Sett i verk. Utvikling i arbeid med tildeling av tenestar.  Endring i tiltaksteam og tildeling av tenestar er sett i verk

## TENESTANE

### 6.3 Legetenesta/legevakt

Plan for legetenesta er laga og levera i 2019 . Den fokuserer på vidare arbeid med avtaleverket for legane, fordeling av arbeidsmengde, stillingsinnhald og kompetanseplan for alle legar.

Kommuneoverlegen vart ferdig med utdanninga i samfunnsmedisin og søkte om spesialiteten i 2019.

Tokke kommune har to legar med spesialisering i allmennmedisin.

Kontoret er aktive på å prøve nye tiltak og i 2019 er det starta å ta i bruk videokonsultasjoner.

Etter vedtak om fjerning av diabetessjukepleiar er mykje av oppfylginga lagt til kvar enkelt fastlege og det blir såleis auka arbeid. Koordineringa av pasientar er lagt til medhjelparane som også fekk nye oppgåver. Mål for 2020 er å nytte NOKLUS diabetskontrollopplegg som kom inn i datasystemet nyleg.

Oppfylging av LIS 1 lege er meir krevjande enn tidligare opplegg med turnuslege, med at LIS 1 skal ha 3 timer rettleiing pr veke og supervisjon, i tillegg berekna til 4 timer avsett tid for oss andre legar pr veke i gjennomsnitt.

Tokke – Vinje legevakt oppdatera samarbeidsavtalen i 2019. Endringa bestod til stor del av omfordeling av utgifter der også gjestepasientar blir fordela på ein meir hensiktsmessig måte. I tillegg er det laga ei avtale om fordeling av legevakter etter ei total vurdering, ikkje folketal som det var tidligare. Frå årsmeldinga på legevakt kan ein sjå at Tokkepasientar utgjorde 19%, Vinje 50%, gjestepasientar (stort sett i Vinje) 31%. Legane i Tokke hadde 32 % av vaktene og Vinje 68%.

Mål for 2020:

Tilsetje ny fastlege.

Vurdere nytt EPJ (elektronisk pasientsystem) - i samarbeid med Vinje.

Meir struktur og avsett tid for rettleiing og supervisjon av LIS 1 etter nye krav.

Prosedyrearbeid – kvalitetsprosedyrar i Compilos systemet.



## 6.4 Fysioterapi/Ergoterapi/Rehabilitering

Fysioterapitenesta har som i 2018 hatt redusert bemanning i ei periode på våren og sumaren. Frå september vart ny fysioterapeut tilsett i 100% fast stilling, mens ein vikar vart tilsett frå oktober i eit 100% vikariat til mars -20.

I Frisklivssentralen har det vore fokus på å vidareutvikle og vidareføre allereie eksisterande tilbod. I tillegg til 12 vekers reseptgruppe vår og haust har det vore tilbod om opne gruppetimear fleire gonger i veka med til dømes sirkeltrening, bassengtrening og styrketrening 60+. Gjennom frisklivsmidlar for 2019 har fysioterapitenesta kjøpt inn ein del nytt utstyr m.a. romaskin, fleire balanseputer og bosu, samt småutstyr for styrketrening. Hausten 2018 vart det starta opp ei balanse- og styrkegruppe for heimebuande eldre. Gjennom heile 2019 har gruppa hatt god oppslutning.

Saman med helsejukepleiar har fysioterapitenesta vore rundt i alle dei fire barnehagane i kommunen, på hausten, for å verte kjend og informere om fysioterapitilboden til born. Dette vil bli ei fast ordning kvar haust for å betre samarbeidet med barnehagane.

Tilboden om kvardagsmeistring, eit tilbod for å meistre kvardagen heime, har kome i gang igjen i løpet av hausten og hatt fleire deltakrar. Delar av kvardagsmeistringstemaet har vore på nettverkssamling i kvardagsrehabilitering.

I ergoterapitenesta er det fokus på ulike fagområder innan hjelpemiddelformidling, tilrettelegging og rehabilitering. Ergoterapeuten har særskilt ansvar for høyrel, syn og kognisjon. Det er stadig arbeid vidare med velferdsteknologi, både for å skaffe mest mogeleg kunnskap og med innføring av ny teknologi. Me har delteke på nettverksmøter og samlingar både i Vest-Telemark og Vestfold/Telemark.

## 6.5 Psykisk helseteneste

Psykisk helse har i 2019 gitt tjeneste til 128 brukara. Av desse er det nokon som får teneste ei kort periode, medan andre er i systemet lenge, nokon i fleire år. 22 brukara får tenestar frå fleire avdelingar i helse og omsorg.

Aldersfordeling:

Fødselsår	Alder	Antall brukara
Født: 1999 - 2019	0 - 20 år	35 brukara
Født: 1979 - 1999	20 - 40 år	29 brukara
Født: 1959 - 1979	40 - 60 år	39 brukara
Født: 1939 – 1959	60 – 80 år	21 brukara
Født før 1939	Over 80 år	4 brukara
<b>TOTALT</b>		<b>128 brukara</b>

Kvinner:	89 brukara
Menn	39 brukara



Psykisk helse yter tenester til menneske med alvorleg psykisk liding og rusproblem. Dette er menneske med samansett problem, som i periodar har store behov for tverrfaglege tenestar. Vi er ofte koordinator i desse sakane. Me er i tett dialog med 2 linjetenesta. På den måten får me god kompetanseoverføring og kjennskap til den enkelte brukar i både 1 og 2 linjetenesta. Dette vil sikre god behandling og gode tiltak i kommunen. Nokon brukarar er ikkje i stand til behandling, men treng gode omsorgstenestar, tilrettelagt bustad, arbeids og aktivitetstiltak mv. Psykisk helse rettleiar også andre einingar i kommunen som møter utfordringar med psykisk liding og rus.

Kommunen er pålagt å ha dagaktivitetstilbod. Psykisk helse har grupper og miljøterapi for psykisk sjuke og rusbrukara. Erfaringar med å nytte BABU har vore særslig positivt. Brukarar seier at huset er ein god stad å vere. For dei tilsette er det viktig med gode arbeidstilhøve for å skape gode tenestar. Erfaringa er at det tek tid å bygge opp gode miljøterapeutiske tenestar. Brukarane treng tid på å finne sin plass, bli trygge og gjere seg nytte av tilboden. Stabilitet i personalgruppa er også særleg viktig. Målet er å få enda meir aktivitet på BABU.

Kommunen må sjølv ta hand om brukarar med lettare til moderat psykisk liding, dei som kan bli behandla i 1. linjetenesta. Etter samhandlingsreformen er denne gruppa definert som kommunen sitt ansvar. Psykisk helse har samtalebehandling med ei aukande gruppe menneske som strevar med angst, depresjon, livskriseproblematikk, langvarig sjukemelding, mobbing mm.

Psykisk helse/rus har oppfølging av fleire barn og unge med lettare og alvorleg problematikk. Ein legg til rette for at barn og familiær får den kompetansen dei har behov for. Vi har tett samarbeid med Sjukehuset Telemark sitt team for oppfølging av spiseforstyrningar. Teamet var hausten 2019 ute i kommunen og hadde oppfølging av saker kvar veke. Samarbeidet med BUP er viktig, men grunna lang avstand og kapasitetsproblem i BUP, blir trykket på kommunen stort. Arbeidet med born og unge er tverrfagleg og tverretatleg, både førebyggande og behandling

Kommunen har motteke prosjektmidlar for utvikling av BTI (Betre tverrfagleg innsats, tidleg innsats). Prosjektleiar er tilsett i 50% stilling. Arbeidsgruppa, knytt til prosjektet, er sett saman frå helse og oppvekst.

Ein kommunepsykolog vart tilsett og tok fatt i stillinga hausten 2019. Me håpar å få på plass ein psykolog til ganske snart. Psykologen skal dekke Vest-Telemark og skal ha sitt arbeid mot barn og unge.

Psykologen vil vere ein del av behandlingsteamet, der rettleiring, planarbeid, tenesteutvikling og noko klinisk arbeid vil vere arbeidsområder.

Rusfeltet er stort og omfattande. Det vert arbeida klinisk i behandling av rusmissbrukara, men også førebyggande opp mot ungdom. Det tverrfaglege/tverretatlege arbeidet er sentralt. Ruskoordinator tek eit stort ansvar i dette arbeidet.

Det er viktig å gjere Tokke kommune synleg. Tokke kommune deltek i samhandling i Vest-Telemark og samhandlingsgrupper i regi av Sjukehuset Telemark. Akuttkjedeprosjektet er eit døme på dette.

Samhandlingsgruppa for fagleiarar i psykisk helse er eit anna døme. Her vert det arbeidd med å skape god felles forståing, utveksling av erfaring og kunnskap, samarbeid om prosjekt o.a.

## 6.6 Helsestasjon

Frå 2019 er helsesystertittelen endra til helsesjukepleiar. Jordmortenesta har arbeida med samarbeidsavtale med vertskommunen Vinje, i høve vaktsamarbeid i Vest Telemark. Ved årets slutt var dette arbeidet ennå ikkje ferdig. Det var 19 gravide og 213 konsultasjonar innan kvinnehelse. I tillegg til



jordmortenesta har det vore gjennomført foreldreførebuande kurs, heimebesøk og rettleiing i kvinnehelse og prevensjon.

Helsestasjon 0-5 år har fylgt opp 116 born, derav har 34 born hatt ekstra oppfølging. Barnevaksinasjonsprogrammet har nær 100% oppslutning.

I grunnskulen er det no 259 elevar. Skulehelsetenesta har hatt fast treffetid 1 dag per veke ved Høydalsmo og Tokke skule. Det har vore gjennomført trafikktryggleiksprosjekt for 4.klasse, saman med skule og lensmann, samt utdeling av sykkelhjelmar. Arbeid med tobakksfrei ungdom har halde fram også i 2019.

På Vidaregåande er det 182 elevar og skulehelsetenesta har hatt fast treffetid 1 dag per veke. Frå hausten var det treffetid 2 dagar per veke, gjennom tilskott frå helsedirektoratet. Her har helsesøster blant anna delteke i undervisning i prosjekt om kosthold, psykisk helse og tryggleik for russen. Det er stor oppslutning for vaksinering mot hjernehinnebetennelse.

Helsestasjon for Ungdom/HFU har halde fram kvar torsdag i samarbeid med psykisk helse, lege og jordmor.

Reisevaksinering har kome i gang og etterspørselet aukar.

Tokke helsestasjon arrangerte i samarbeid med oppvekststata, felles kursdagar for oppvekst og helse, elevar og føresette med Stine Sofies Stiftelse der tema var vold og overgrep mot born.

Tokke helsestasjon arrangerte felles kursdag for alle jordmødre og helsesjukepleiarar i Vest Telemark, med Sex og Samfunn frå Oslo.

2 helsesjukepleiarar gjennomført COS-P (foreldre retteliingsprogram). Deltaking på helsesjukepleiar kongress, Ungdomshelsekompetanse kurs.

Tolketenesta har blitt nytta i møter og enkeltkonsultasjonar med flyktningane. Helsesjukepleiar har brukta timar per veke på vaksenopplæringa med undervisning og rettleiing.

Det er trond for kompetanseheving på alle fagområder. Lite frigitt tid til kurs-/kompetanseheving. Me må etablere COS-P og det er auka etterspurnad av tenesta frå ungdom. Erfaringane viser at me er ei sårbar avd. ved evt. sjukefråvær og med spl. i etterutdanning. Oppretthalde fagteam på helsestasjonen. Innføring av EPDS for jordmor. Mykje etterarbeid etter omlegging av IT-system gjennom året. Oppdatering av alle skriftlege prosedyrar. Rydding i dataarkiv/arkivmat.

## 6.7 Institusjon

Det er store krav til kompetanse som fylgje av at samhandlingsreform som gjev kommunen meir komplekse pasienttilfelle. Pasientane kjem fort ut frå sjukehus. Det er lenger levetid og meir behandling for befolkninga no enn tidlegare. Ved utgangen av 2019 har institusjon 13 sjukepleiarar (1 av desse er i permisjon), 27 fagarbeidarar (1 er i permisjon) og 2 assistentar (1 er i permisjon).

Delar av 2019 har institusjon hatt ressurskrevjande brukarar som medfører innleige av ein til ein dekning. Det blei vedteke at institusjon skulle auke med 2 plassar til 30 og at det skulle aukas med 3 årsverk for 2019. Det er tidskrevjande med tilsettingar, årsverka har difor ikkje vore på plass før 1/9-2019. I perioden før dette har me mått leige inn ein på dagvakt og ein på kveldsvakt 7 dagar i veka. Dette påverkar budsjett og AML brot. Det har også vore brukta vikarbyrå i 2019.



Gjennomsnittleg døyr rundt 15 på helsesenteret i året. I tida som pasienten er svært därleg må den ha nokon inne hjå seg heile tida. Det blir då leigd inn ekstravakter på alle vakter i slike periodar.

Det er ein stabil arbeidstab på institusjon. Dei er fleksible og fagleg dyktige.

Me har tilsett 4 sjukepleiarar i 2019. To er heilt nyutdanna og ein er ganske nyutdanna. Dette gjer at me har fått yngre tilsette inn i faste 100% stillingar. Gjennomsnittsalderen er no 41 år. Av 45 som går i årsturnus er det 6 karar og 39 damer.

Det verkar som årsturnus er noko dei tilsette er fornøgde med så det fortset me med også i 2020.

På institusjonen er dei tyngste og sjukaste pasientane. Dette er ei stor fysisk og psykisk belastning for personalet. Det å finne løysingar som gjer det lettare er viktig slik at me beheld gode medarbeidrarar.

Gjennom 2019 har me med planen om eiga korttidsavdeling, dette er sett i verk ved årets slutt.

Gjennom 2019 har det fram til veke 46 vore 12 veker med eit overbelegg, 14 veker med to overbelegg og 4 veker med fire overbelegg. I tillegg har me leigd ein plass i Kviteseid i 39 veker, 8 veker i Drangedal og hatt overliggjar på sjukehus og i Vinje.

Institusjon har per dags dato 13 med demensdiagnose. Demenssjukdom kan råke på ulike måtar. Nokon krev ekstra med ressursar. Det kan vere uro, vald mellom pasientar og ansatte blir også utsett for vald. Nokre treng konstant tilsyn.

Me har i 2019 leasa eit «magisk bord» som er eit aktivitetsbord for demente. Dette har dei stor glede av og det kan også brukast på dagavdeling.

6 pasientar er under 80 år, 14 er mellom 80-89, 10 er mellom 90-101.

## 6.8 Kjøkken

Matproduksjonen ligger på det jamne, men me ser ein auke i heimebuande pasientar.

Frå 2018 vart det innført eit ekstra måltid, og det fungerer godt. Det opplevast som om brukarane er fornøgde. Eit eige kjøkken er viktig og stor del av året har gått til planlegging av ombygging som skal settas i verk 2020.

Sjukare pasientar merkas også for kjøkkenet. Det er fleire brukarar som skal ha spesiell mat og meir avansert tilpassa mat.

## 6.9 Heimetenestane

Heimetenestane arbeider for at innbyggjarane i Tokke skal bu heime og mestre kvardagen der lengst råd, og at menneske som bur inne på omsorgssenteret og i tilrettelagde bustader også sjølv skal delta så langt helsa held, både i høve til aktivitetar og daglegliv.

I heimesjukepleia hadde var det 2019 83 tenestemottakarar. Desse har vedtak på alt frå enkle oppdrag som utlevering av dosett og tilsyn, til meir krevjande tenestar med oppfylging fleire gonger i døgnet.

Heimehjelpene hadde oppdrag hjå 70 menneske. Fleire av desse hadde også kontakt med heimesjukepleia.

Heimevaktmeister har gjennom året hatt stort fokus og meirarbeid i høve til tryggleksalarmane.

Vi nyttar no i samarbeid med alarmsentralen i Telemark ein mobilapplikasjon, som via alarmsentralen i Skien sender melding til våre vakttelefonar, når dei har fått signal frå heimebuande i Tokke om at dei har trøng for hjelp. Det var pr. 19.12.19, 71 menneske i Tokke som hadde tryggleiksalarm.

Velferdsteknologi er og eit område heimevaktmeister bidreg aktivt inn i.



KOLS teamet, som kom i gang i 2014, hadde i fjor kontakt med 9 menneske, dei fleste har hatt oppfylging over fleire år. KOLS teamet arbeider både inn mot den som er råka av lungelidningar, men også inn mot dei pårørande, der førebygging, opplæring, bruk av hjelpemidlar og informasjon er sentrale tema. Teamet har eit tett samarbeid med kommunelækjar, med møte 2 gonger i året. KOLS teamet er ein fagarbeider frå heimetenesta og ein sjukepleiar frå Tokke Helsesenter.

Demensteamet fylgjer opp fleire og dette gjeng over år, i år har 7 demente hatt oppfylging 3 av desse er nye i år. Demenssjukepleiarane arbeider saman med lækjar i høve til kartlegging og diagnose. Det blir også arbeid inn mot pårørande med rettleiing og informasjon. Demensteamet har i år arrangert pårørande kurs, med 15 deltakrarar, som kom frå, i tillegg til Tokke, kommunane Kviteseid og Vinje.

Kreftkontakt i heimesjukepleia har fylgt opp 7 menneske i 2019, med oppfølging i form av samtaler, og behandling. Dei har som tidlegare år også hatt eit samarbeid med palliasjonsteamet i Telemark, dette utgjer eit trygt og godt tilbod til kreftpasientane og deira pårørande.

Kvardagsmeistringsteamet hadde oppfølging av 2 personar i fjor, færre dette året grunna mindre fysioterapiressursar. Kvardagsmeistringsteamet er fysio- og ergoterapeut, sjukepleiarar og fagarbeidarar frå heimetenesta. I år som tidlegare år, er dette arbeidet kome i tillegg til ordinær drift, og dermed ført til personalmessige utfordringar.

I 2019 har vi hatt farmasøytisk tilsyn. Mykje bra, men og avvik og framlegg til forbetingar. Dette blir arbeidd med vidare gjennom nye kvalitetsprosedyrar.

På slutten av 2018 og inn i 2019 har det vore etablert eit tiltak for enkeltbrukar. Det har vore krevjande å få på plass personale og i ei lang periode har det vore bruka vikarbyrå for å få bemanning på plass.

Gjennom året har det i periodar vore bruka ekstra bemanning på omsorgssentret grunna stor pågang. Det er sett i verk eit større arbeid for å samle heimeteneste og omsorgssenter. Det vil gje ei meir heilsakeleg omsorg for brukarane og meir fleksibilitet drift, då me kan sjå på avdelinga samla og fordele belasting i større grad.

## 6.10 Åheim bufellesskap

2018 var sjukefråværet lågt gjennom heile året og bemanning stabil. I 2019 har sjukefråværet auka og flere tilsette har gått ut i svangerskapspermisjon. Det har vore utfordrande å få dekt opp med vernepleierar i vikariat og generelt dekt opp ledige vakter på grunn av sjukdom. Det har resultert i at det no berre er 2,2 årsverk vernepleierar i ein periode, noko som byr på ein del utfordringar for avdelinga.

Det er fortsatt fokus på å auke kompetanse blant personalet med kurs, KS læring og andre læringsplattformer. 3 tilsette går på fagskule «Miljøarbeid retta mot funksjonsnedsetting og utviklingshemming» og har fullført våren 2020. Elles har HAVO hatt kurs i forhold til tvang og makt og seksuelle overgrep. Fyrstehjelpskurs og livredningskurs er også gjennomført i 2019.

Det er lagt ned ein stor jobb med å endre fagsystemet PROFIL. Dette er endringar som er bestemt av tildelingskontoret og skal sikre betre dokumentasjon. Me ser at omlegginga har gjort PROFIL til eit betre arbeidsverktøy, men likevel ser me ein del utfordringar med programmet. I 2020 vil me sjå nærmare på eit anna fagsystem som er spesielt tilrettelagt for vår brukargruppe – OMHU.

BABU (dag/arbeids – tilbod) er fortsatt eit prosjekt som fungerar veldig bra og som avdelinga er stolt av. Samarbeidet med Røde kors har ført til ei betydeleg inntekt både for røde kors og for BABU. Me hentar flasker på Rauland, Hallbjønnsekken, Lårdal, Øyfjell og Dalen. Flaskene blir sortert, pakka og distribuert



vidare til infinitum. Sumaren 2019 hadde med oppdrag for næringsamskipnaden med vatning av blomster i sentrum og rydding langs same ruta. Andre arbeidsoppgåver er blant anna; kløyving/pakking av ved, pakking/vasking for Dalen mekaniske, køyre blodprøver for legekontoret, hente/levere medisin for legekontor og sjukeheimen. Dette har både ført til inntekter og mindre utgifter for andre avdelingar i kommunen.

BABU fekk solprisen for adventsprosjektet 2018 og for å spreie glede elles i kvarldagen. Årets joleprosjekt vart og veldig godt tatt i mot. Det blei satt opp ein utstilling med ein miniatyr by og nissen hadde sitt eige hus under landsbyen. Målet for BABU ved oppstart var å vera synlege i lokalsamfunnet, bidra med noko positivt for kommunen og at brukarane skulle ha arbeidsoppgåver med meinung.

Me ser at behovet i brukargruppa etter kvart endrar seg. Nokre brukerar blir eldre å treng meir tilrettelagt tilbod på dagtid enn kva KVITO kan tilby. Dette er ein utfordring som me må arbeide vidare med og sjå på andre moglegheitar lokalt i kommunen. Me har hatt eit godt samarbeid med dagavdelinga og trur dette kan vera ein god samarbeidsarena også i framtida.

#### *Utfordringar for etaten framover:*

1. Tilpassa drift til økonomiske rammer
2. Rekruttere og behalde kvalifisert personale og oppretthalde kompetanse er den desidert største utfordringa.
3. Auke samarbeid og dialog med innbyggjarar – samskaping
4. Auke endringskomptanse i organisasjonen



## 7. Planområde 4 og 5 – plan, næring og teknisk

### 7.1 Økonomi

PLANOMRÅDE 4 - DRIFTSREKNEKAPEN 2019						
Ansvar	Tekst	Rekneskap 2019	Budsjett 2019	Rev. budsjett 2019	Disponibelt	Forbruk i %
<b>410</b>	Plan- og næring – adm.	2 746 648	4 116 724	3 723 545	976 897	74
<b>451</b>	Landbruk	734 916	758 015	798 015	63 099	92
<b>452</b>	Kommuneskogen	5 332	-12 012	-12 012	-17 344	-44
<b>453</b>	Turistføremål	550 177	479 422	509 418	-40 759	108
<b>454</b>	Næringstiltak	2 976 124	145 021	657 025	-2 319 099	453
<b>455</b>	Ymse(viltforv.,syss.prosj.)	789 543	512 259	1 012 267	222 724	78
<b>460</b>	Kart og oppmåling	718 782	718 059	503 059	-215 723	143
<b>500</b>	LMT-utvalet	77 074	76 018	76 018	-1 056	101
<b>510</b>	Teknisk sjef - felles	15 927	0	0	-15 927	0
<b>519</b>	Avg.pl.sal - teknisk	-30 816	-25 004	-25 004	5 812	123
<b>530</b>	Maskinpark	373	105 020	105 020	104 647	0
<b>541</b>	Vassanlegg	-1 519 722	-1 158 605	-1 128 605	391 117	135
<b>542</b>	Avløpsanlegg	-3 319 819	-1 909 454	-1 869 454	1 450 365	178
<b>543</b>	Renovasjon	-302 162	-400 000	-400 000	-97 838	76
<b>551</b>	Kommunale vegar	3 705 296	3 128 135	3 648 131	-57 165	102
<b>552</b>	Private vegar	105	0	0	-105	0
<b>553</b>	Gateljos	267 955	348 837	348 837	80 882	77
<b>561</b>	Brannvern	3 669 298	3 330 833	3 350 833	-318 465	110
<b>562</b>	Feiing;brannsyn	-7 839	-178 000	-178 000	-170 161	4
<b>570</b>	Bustadføremål - felles	-6 377	-5 005	-5 005	1 372	127
<b>580</b>	Eigedomsforvaltning - felles	-1 974	-4 996	-4 996	-3 022	40
<b>581</b>	Bygningar	16 617 465	14 742 727	14 969 730	-1 647 735	111
<b>582</b>	Uteanlegg	624 024	497 006	517 182	-106 842	121
<b>Resultat</b>		<b>28 310 329</b>	<b>25 265 000</b>	<b>26 596 004</b>	<b>-1 714 325</b>	<b>106</b>

#### Driftsresultat

PNT – etaten samla gjeng på eit underskot på grunn av konto næringstiltak 454 har overforbruk grunna oppgjer på 2,2 mill til Dalen Mekaniske AS i samband med forsikringssak på vasskade. Reiseliv har eit overforbruk på ekstraordinær tilrettelegging kring Rui-spel, bryggjeutstilling og NRK – satsinga Magnus. Kart- og oppmåling har eit overforbruk, i hovudsak grunna ekstrautgifter med regionreform (KomTek og Gisline – omlegging), der inntektene er ført på område 1 – sentral.

Overforbruk på ansvar 581 – bygningar med følgjande: Innkjøp av verktøy, skadedyrebekjemping på utleigebustader, verktøy, utskifting av blandebatteri på dusjar, reparasjon av heis og bassengutstyr på



Høydalsmo samfunnshus (totalt 240 000,-). Reparasjon av ventilasjonanlegg og styringssystem Høydalsmo skule og kommunehus – 90 000,-. Utskifting av defekt alarmanlegg Åmdals Verk samfunnshus 90 000,-. Utskifting av nødljos etter branntilsyn Høydalsmo skule, Bytte grendehus, Åmdals Verk skule og kommunehus. Overforbruk uteanlegg 582 gjeld utskifting av sand i sandkasser skular og barnehagar.

### *Avvik og sjukefråver*

Sjukefråværet på etaten samla sett er på 4,4%. På plan- og næringsadministrasjon er det ingen registrerte avvik. Avvik på tekniske avdelingar gjeng fram i omtala frå kvar avdeling nedanfor.

## **7.2 Rapportering handlingsprogram**

Mål nr.	Utfordring og tiltak	Mål	Resultat
<b>8.5.1</b>	Endring av reguleringsplan Dalen. Føreset midlar til innleige på planarbeid.	Stadsutvikling, legge til rette attraktive areal for bustadbygging og næring.	Stoppa opp pga innspeil om omregulering leilegheiter m.m.
<b>8.5.2</b>	Aktivt salsarbeid for å få sal av tomter/ etableringar på nytt næringsområde Høydalsmo.	Etablere nye arbeidspassar i Tokke.	Opparbeiding i hovudsak ferdigstilt, laga næringsbrosjyre.
<b>8.5.3</b>	Nye ENØK tiltak på kommunale bygg, med evt ny søknad om midlar frå ENOVA	Fornye anlegg og redusere straumutgifter.	Planlegging i gang. Nytt anlegg Elvarheim.
<b>8.5.4</b>	Utvikle og halde vedlike anlegg, kommunale eidegar og attraksjonar.	Styrke Tokke som reiselivsdestinasjon og forvalte utmarkseigedomane aktivt.	Høg aktivitet, sjå meir under reiseliv.
<b>8.5.5</b>	Avklare vidare satsing på Hallbjønnsekken, med utvida kapasitet på reinsanlegg og regulering av nytt område for hyttetomter.	Utvikle Hallbjønnsekken som vinterdestinasjon.	Prosjektering av anlegg pågår.
<b>8.5.6</b>	Redusere tenestenivået innan reinhald/ eidegaromsavdeling. Fleire stillingar er redusert siste åra utan at tenestenivået er særlig redusert. Etaten legg fram sak om ressursbruk/ reinhald på grendehus m.m.	Redusere ressursbruken for å få balanse i drifta med eit tenestenivå tilpassa budsjett.	Ikkje gjennomført i påvente av OKI – sak om prisar og evt samarbeid lag/ organisasjonar.

## **7.3 Plan, kart/ oppmåling og byggjesak**

Oppstart av ny reguleringsplan for Dalen var sett i gang i 2018, men stoppa opp i 2019 både grunna innspeil kring omregulering av areal til leilegheiter på Tangane og andre aktuelle sentrumsnære areal for leilegheiter. Ny sak om vegen vidare, kjem i 2020. Mange av reguleringsplanane i kommunen er gamle, og burde vore revidert for å få planar er oppdaterte og som kan leggjast til grunn for handsaming av bygging, frådelingar osv, då det er i planverket heimlane til dette ligg.

Statens vegvesen har i 2019 lagt fram revidert reguleringsplan for ein del av E134 forbi Høydalsmo kyrkje, samt oppstart av planarbeid for rassikring langs Fv 45 på Skafsåheia, ved Vøilen, Ulsteinskreda m.m.

Detaljplan for bobilparkeringa på Dalen Bryggje blir jobba med og det er lagt inn midlar i investeringsbudsjettet for 2020 og 2021. Det blei vidare jobba med trafikkavviklingsplan for



parkeringsplassen ved VT VGS og Tokke skule og kulturhus for å betre tilhøva for mjuke trafikkantar, av/påstiging av born m.m.

Arealdelen av kommuneplan skulle ha vore revidert, jfr planstrategien. Pga manglande kapasitet har dette arbeidet ikkje kome i gang.

### *Kart/ oppmåling*

Me hadde til saman 34 saker innan kart/ oppmåling: 13 frådelingar, 16 arealoverføringer, 4 grensepåvisningar og 1 seksjoneringsak. Sentral lagring av FKB- og plandata er gjennomført. Dette medfører at me ikkje lenger treng å levere kartdata 2 gonger i året til Kartverket. Desse blir nå automatisk oppdatert på lik linje med matrikkeldata (adresser, bygningspunkt og grenseliner).

Regionreform gjennomført og nytt kommunenummer for Tokke er 3824. Nytt vatn- og avløpskart vert stadig oppdatert og gjennomførast i nært samarbeid med uteavdelinga på VA.

Det er sett i gang adresseprosjekt i hytteområde som har fått innregulert vegar, samt for andre vegar som har behov for eigne adressenamn.

Arealressurskartet har hatt periodisk ajourhald av NIBIO: 1,4 % av Tokkes areal er nå landbruksareal (fulldyrka, overflatedyrka og innmarksbeite). Det har vore 123 eigedomsoverdragningar i Tokke kommune i 2019, - her er ikkje arealoverføringer rekna med.

### *Byggjesak*

For 2019 hadde me 82 byggesøknadar med stort og smått, 6 nye hytter og 4 nye bustadhus. Resten av søknadane er i hovudsak tilbygg til hytter og hus, samt garasjar og driftsbygningar. I 2018 var det 4 nye bustadhus og 8 nye hytter. Vi tok inn 289.300,- i gebyr i 2019 mot 367.562,- i 2018.

Det kom ei endring i PBL frå 1 juli 2015 om ein del tiltak som nå er unntatt søknadsplikt, garasjar opp til 50m<sup>2</sup>, tilbygg opp til 15m<sup>2</sup> osv. Det verkar som at desse reglane fungerar greit, mange ringer kommunen for å avklare om deira tiltak er innafor desse grensene. Det er veldig mange som ynskjer å stå ansvarleg for og sende inn byggesøknaden sjølv for å spare pengar på å bruke ein ansvarleg søker, dette er lov til på eige hus og hytte, men det medfører ein del ekstra arbeid med rettleiing i søknadsprosessen.

## **7.4 Nærings- og samfunnsutvikling**

Tokke kommune tilbyr mange gode tenestar og ordningar. Tokke kommune har gratis bustadomter, gunstige tilskotordningar for vøling av hus, bygging av nytt hus utanfor kommunale felt, tilskot til private VA-anlegg, næringsstilskot, tilskot til grendehus, lag- og foreiningar m.m. Me har stort fokus på positiv omdømebygging av kommunen. Informasjonsarbeid m.a. på heimeside, facebook og i media, er høgt prioritert for å synleggjere ledige bustadomter, kommunale ordningar og attraktivitet i høve busetjing.

Lårdal Vel mottekk årleg 100 000,- for åra 2018, 2019 og 2020 som næringstiltak kring utvikling av Eikbygget/ gamleskulen. Vidare har me fleire faste utbetalingar til næringstiltak, m.a. til Dalsmarken, løypekøyring, båtlag og til næringssamskipnaden for å bidraget til auka aktivitet, handel og attraktivitet. Midlar til næringstiltak blir aktivt nytta for å få til nytableringar og utvikling av eksisterande verksemde, jfr



vedteken næringsplan og vedtekter. Tokke – brosyra – «Gode dagar i Tokke», som er retta både mot busetjing, attraktivitet og næring, blei revidert i 2019.

Arbeid kring busetjing, folketsutvikling og næringsetableringar har høg prioritet og har hatt det over lang tid. Likevel ser me at folketalet gjeng nedover, noko som òg gjeld resten av Vest – Telemark og distriktskommunar elles rundt om i landet. Samstundes ser me positive tendensar, t.d. med unge folk som kjøper seg gardar rundt i grändene og buset seg der. Samarbeid og samhald på tvers av grender og kommunesenter, fortelje dei gode historiane om å bu og jobbe i Tokke og Vest – Telemark som region, er noko som me meiner må lyftast både av tilsette, innbyggjarar og politikarar som ombodspersonar.

Det har gjennom dei siste 20 åra vore gjennomført «bulystprosjekt» både på Dalen og Lårdal, utan at det kan synlegjerast resultat på folketsutviklinga som følgje av desse.

	K_3824 Tokke							
	Befolknig	Levendefødte	Døde	Fødselsoverskudd	Innflyttinger	Utflyttinger	Nettoinnflytting	Folketilvekst
2000	2 506	28	40	-12	91	98	-7	-19
2001	2 487	29	44	-15	117	92	25	10
2002	2 497	17	35	-18	74	97	-23	-43
2003	2 454	25	23	2	94	86	8	11
2004	2 465	24	27	-3	83	83	0	-2
2005	2 463	20	41	-21	69	94	-25	-46
2006	2 417	28	35	-7	93	83	10	-3
2007	2 414	20	38	-18	75	105	-30	-48
2008	2 366	21	35	-14	86	76	10	-3
2009	2 363	21	24	-3	85	108	-23	-26
2010	2 337	25	25	0	76	97	-21	-21
2011	2 316	19	38	-19	85	96	-11	-29
2012	2 287	17	34	-17	84	70	14	-3
2013	2 284	20	42	-22	84	89	-5	-27
2014	2 257	12	27	-15	85	75	10	-5
2015	2 252	15	26	-11	91	86	5	-6
2016	2 246	18	34	-16	98	101	-3	-18
2017	2 228	11	24	-13	98	76	22	8
2018	2 236	20	24	-4	74	78	-4	-8
2019	2 228	13	25	-12	72	87	-15	-27

Nærings- og samfunnsutviklar hadde fram til september 2019 kombinert stilling som landbruksjef, og først frå september fullt fokus på nærings- og samfunnsutvikling.

Det er registrert totalt 393 verksemder i Tokke, og i 2019 har det vore 7 nye etableringar, og 2 verksemder som har flutt til Tokke. Tokke kommune har løyvd tilskot til etablering og investeringar etter søknad.



Etableringar	Tilskot kr.
Støga v/Pål Øyvind Pedersen-	80000
Galleri Karen v/ Karen Røed	60000
Tømrer Håvard Plassen	15000
Dalen Yogasenter AS	15000
MMD Eiendom AS	18500
RVL Products AS, etablering	15000
RVL Products AS- investering	278000
Lukman Sido	15000
FG Racing	15000

Tokke kommune har støtta NRK-prosjektet «Fotobonden» med kr. 300.000 , og TV-serien er realisert og svært godt motteke. Høydalsmo har fått nye møte- og serveringsstad – Støga, som har blitt godt motteke av innbyggjarane.

Det er laga ny næringsbrosjyre for Tokke kommune, både digital og i papirformat. Fleire verksemder i kommunen har annonse i brosjyre, og kostnadene til produksjon er difor redusert. Brosjyre syner næringsareal, næringsbygg, eksisterande verksemder med handel og produksjon, i tillegg til informasjon om mulegheiter for buplassar, skule og fritidsaktivitetar.

Arbeidet med næringstomter på Høydalsmo er gjennomført og tomtene er klar for sal.

Tokke kommune har vedteke å selge næringsbygg på Tokkestad, gnr. 24, bnr. 83 og ny verksemde, RVL Products AS, blir etablert i løpet av 2020. Dalen Mekaniske AS har hatt produksjon i desse næringsbyggja i 2019, men er i ferd med å flytte ut, og lokala blir ledige for nye aktivitetar i 2020.

Det har jamleg vore kontakt med næringsdrivande i kommunen, og vi nyttar heimeside og sosiale media til informasjon og presentasjon av verksemder.

Næringsrådgjevar deltek i næringskollegiet i Vest-Telemark, og har samarbeid med Telemark Næringshage, særleg etablerertenesta som har drop-in på Dalen kvar 14.dag.

Tokke kommune inviterte næringsdrivande til jolelunsj på Vest-Telemark Museum i Eidsborg. Formålet var å informere om kommunen sitt næringsarbeid, presentasjon av nokre verksemder i kommunen og at næringsdrivande kan knytte kontakt og bygge nettverk.

Næringsliv i Tokke

TOKKE KOMMUNE

Næringsbrosjyre for Tokke



Næringsareala på Høydalsmo

## FAKTA

### BEDRIFTSUTVIKLING I FYLKET

Kommune	Tal	Utv.	Utv. (%)
Tokke	393	7	1,8
Seljord	533	7	1,3
Nissedal	312	3	1,0
Vinje	744	2	0,3
Kviteseid	437	0	0,0
Fyresdal	254	-4	-1,6
Noreg	590810	8854	1,5

Bedriftsutvikling 2019



### *Tilrettelegging av anlegg, kommunale eigedomar*

Det blei starta opp planarbeid for å lage «padlehuk» i naturreservatet og den kommunale eigedomen Lindeviki. Dette er gapahukar som inngår i Vestfold Telemark Padleled. Langs kysten frå Vestfold og opp kanalen er/skal det setjast opp små gapahukar som padlerar, og andre som ferdast på kanalen, kan overnatte i. Alle gapahukar har same design slik at dei skal vere lette å kjenne att.

På Åmdals Verk starta arbeidet med ny badeplass opp på Åmlivatn, der kommunestyret hadde løyvd kr 100 000,-. Området skal oppgraderast med parkering, sandvolleyballbane, eit lite lager, utedo med meir. I denne samanhengen vert også vegen opp til badeplassen oppgradera med vegkanthogst, grøfting, bytta stikkrenner og grusing.

På Tangane friluftsområde vart nokre av bålplassane/samlingsplassane oppgradert med bedre bålplassar og rydding av kratt. Ein ser på mogelegheit for å nytte beitepussar på delar av arealet for å halde busk og kratt nede. Ein vil sjå til skjøtselplanen som er utarbeida for Tangane under arbeidet.



Tilrettelegging av bålplassar på Tangane

Planlegging av oppgradering av utedo på Bandaksli brygge starta opp. Bygget er freda etter kulturminneloven § 15 og det er fylkeskommunen som gjev dispensasjon frå verneføreskrifta.

## **7.5 Reiseliv**

### *Turistkontor*

- Besøkstal juni – august: 2558 (2018: 2361 juni – august) Ei auke i juli og august.
- Nasjonalitetar: Noreg på topp, etterfylgt av Tyskland og Nederland. Deretter våre naboland Danmark og Sverige, Frankrike og «andre».

Turistane er interessert i og spør etter vandring, Telemarkskanalen, Soria Moria, natur, dyreliv, kultur, museum, Telemarkskanalen, aktivitetar i natur som fiske, sykkel og padling og tradisjonsmat.

Fleire guida og tilrettelagte tilbod og opplevelingar, som t.d guida tur til Rui, elgsafari og beversafari blir etterspurt og fleire aktivitetar og tilbod til born og unge utover kanalparken og gruvene. Mange europearar har ferie i august og september, etter skulestart her heime, og opplever då dessverre stengte museums – og utstillingsdører.

Sykkelutleige - 4 stk Meridasyklar med 3 gir til utleige på turistkontoret. Barnesyklar etterspurt, samt nokre førespurnader etter el-sykclar. Syklist Velkommen turistkontor, har mekkestall ute, tilbod om vask av sykkel og noko reperasjonsutstyr.



Dalen Bed and Breakfast har kano og kajakk til utleige, ein god del etterspørsel etter det.

Suvenirar; Rui-kopp, Ruiboka, nye postkortmotiv, kjøleskapsmagnet.

Tradisjonell norsk mat er etterspurt! Som t.d. rjomegraut, spekemat, kjøttkaker, elgkjøt, aure.

Visningsturen for frontpersonell rundt til attraksjonar i Tokke vart ikkje arrangert i 2019, mykje på grunn av ein travel vår og skifte i leiing på Dalen Hotel, dei tilsette der er viktige å få med seg på ein slik rundt.

Nettverksamling for reiseliv – og næringsliv for Vest- Telemark Museum 8. mai. Mange frammøtte fekk info om sesongen frå Synne og VTM, info frå Dalen Hotel og frå reiselivssjef Caroline Laurhammer i Visit Telemark.

### *Soria Moria*

Oppstart med første onsdags dropin 16.januar. Litt treig start, men etter kvart enormt populær og mykje brukt! Mange utlendingar. Instagramvennleg! Soria Moria mykje omtalt i norske og utanlandske media. Bookingkalender på nettsida til visitdalen og frå Facebooksida Visit Dalen. Prisar; 1-5 pers 250,- 6-10 pers kr. 500,- 11-15 pers kr 75. 3 timer leige av gangen, endra til 2 timer på slutten av 2019 då tilbakemeldigane er at 2 timer badstogetid held. Fast drop-in onsdagar kl. 15-21 kr. 50 per pers, etter kvart behov for ein ekstra dag grunna stor pågang, oppstart dropin laurdag 10.30-15.30 desember 2019 med varighet ut april 2020.

Inntekter på utleige og dropin i 2019: Omlag 170 000,-.

### *Dalen Bryggjeutstilling*


Utstillarar 2019:

Jostein Hellevik med naturfoto frå Tokke; «Nærare naturen». Det vart også sett opp ein klatrevegg for born med kikkehøl og naturquiz. Borna fylte ut spørjeskjema etterpå, kva dyr såg du i kikkehola, og alle fekk med seg ein plakat med foto av dyr tatt av Jostein. Storskjerm på veggjen viser naturfilmar og reklamefilmar frå Tokke/Visit Dalen, Telemarkskanalen og Visit Telemark. I tillegg til sal av eigne foto, hadde Hellevik også sal av ymse produkt retta mot barnefamiliar, t.d. bøkar, t-skjorter, fuglekosedyr med lyd m.m.

I tillegg hadde Vigdis Berg Nordgarden utstilling av eigenproduserte troll i monter samt rosemåla bollar og skap. Vest- Telemark si kanalhistoriske utstilling er uendra.

Opning 18.mai kl. 17.30 med ordførar, blomeoverrekking til Jostein og Maj-Lena og Vigdis. Musikk ved fiolinkvartett beståande av Jon Grøstad Johnsen, Johannes Myklebust, Åsne Omtveit og lærar Ragnhild Knudsen. 91 personar på opninga, 67 pers innom 19.mai, tot. 158 pers innom opningshelga.

Bryggjeutstillinga var ope i helger frå 18.mai til 9. juni kl. 12-18, og kvar dag 15.juni til 11.august kl. 12-18. Gratis inngang. Totalt 2230 besökande. Markant oppgang og rekord i forhold til tidlegare år, bortsett frå i 2016 då Jonny Andvik stilte ut, då hadde me ca. 3000 innom.



## Kanalbåtvelkomst

Tradisjonell båtvelkomst arrangert i mai, med velkomst på Dalen for Victoria laurdag 18.mai kl. 18.30 og Henrik Ibsen sundag 19. mai. Laurdag velkomst i samband med opning av bryggjeutstillinga, etter denne. Velkomst ved ordførar, blomeoverrekking til kaptein og båtpassajerar og musikk ved korpsset Tokke skulemusikk. Ikkje noko spesielt opplegg i Lårdal denne laurdagen, anna enn at Lårdal Vel mobiliserte folk på brygga. Sundag 19.mai var det velkomst for Henrik Ibsen på Dalen med tilsvarende opplegg med blomar, ordførar og korps. Korpsset får 2000,- kr for oppdraget desse to dagane.

## Vandring

Dalen utpeikar seg som ein av dei store vandredestinasjonane i Telemark. Av totalt utvalde 26 turstiar totalt i VandreTelemark, har Dalen og Tokke heile 5 av desse. Godt samarbeid med VandreTelemark.

Opningstur Lårdalstigen 1. juni i regi av Lårdal Vel. 92 betalande. Denne opningsturen med på å finansiere vedlikehald av turstien. Tellar på Lårdalstigen montert litt seint i sesong i samarbeid med Vandre Telemark, den viste seg å ikkje fungere som den skulle, men me fekk registrert 1008 passeringar i perioden 17.07-18.08 før apparatet konka ut. Totalt sett har det vore ei jamn god auke på Lårdalstigen dei siste åra, med tellar montert rett og til rett til neste vandresesong vil me forhåpentlegvis få meir nøyaktige tal her, gjettar at ein totalt ca. 2500 som går turen.

Rui: Auke i trafikken etter steinsettinga, 76 % auke frå 2018. Steintrappa til Rui vart ferdigstilt til Rui-spelet med offisiell opning laurdag 23. juni i forkant av spelet.



## Omtale/besøk

Her kan nemnast:

Soria Moria mykje omtalt i norske og utanlandske media; til dømes:

- GEO Saison, badstogespesial
- El mundo, spansk avis
- Nordiska Bad, bok av Ulrica Nordström
- Kurier, Østerrisk avis «Dei vakraste badstogene i verda»
- God Morgan Norge, Visit Norway om trender og anbefalte opplevingar, bilde av SM vist.
- Visit Norway – høstens beste opplevelser
- The perfect sweat og badstuguru Mikkel Aaland, serie som blir vist på National Geographic  
[https://www.perfectsweatseries.com/?fbclid=IwAR0vFZpKiYDqS5q33w0W-L2kursl8KGmYkZicNRn1NtpxxFwwpABrjf\\_A9c](https://www.perfectsweatseries.com/?fbclid=IwAR0vFZpKiYDqS5q33w0W-L2kursl8KGmYkZicNRn1NtpxxFwwpABrjf_A9c)



Anna omtale:

- NRK Telemark på besøk i forkant av Rui – spelet, filming på Rui med Teater Fabel og også i trappa.
- Jostein Hellevik og omtale knytt til oppstart «Fotobonden» på NRK
- Magnus - premiere på NRK TV januar 2019 på NRK, serien fekk god kritikk, serien også nominert til Cannes.
- Dalen Hotel god restaurantanmeldelse i Dagens Næringsliv og Norges flotteste hoteller i Reiser og fritid
- Eidsborg stavkyrkje og Nikuls innslag på Norge Rundt i desember
- Steintrappa på Visit Norway si liste over Noregs flottaste og mest unike trappestiar
- Spansk pressebesøk frå El Mundo gjennom Visit Telemark, besøk Dalen Hotel, Soria Moria og VTM Eidsborg.
- Fleire historiar på [www.telemarkshistorier.no](http://www.telemarkshistorier.no), m.a museumsbonden, kraftindustrien, Nikuls og Eidsborgtjønna, Anne Grimdal, Dalen Hotel, Lårdalstigen. Delt i sosiale media.
- Telemarkspodden med Styrk Fjærtoft (også ute på telmarkshistorier.no)
  - Rui-jentene/steintrapp,  
Arven etter Rui-jentene med  
Lisette og Alice og Herfinn.
  - Den glade vandrar i Telemark  
med Lill Susan og med  
sending frå Brynestebrotet
  - Vest - Telemark Museum  
også fleire podcastar

### Rui-spelet 22 og 23. juni

Rui- spelet arrangert for første gong i samarbeid med Teater Fabel og familien Haukelidsæter. Vellukka arrangement med 2 utselde førestillingar (150 publikummarar per førestilling). Arrangementstøtte frå Telemarkskanalen Regionalpark. Vest-Telemark Kraftlag sponsa straum.



### Marknadsføring

Deltaking i felles marknadsføring gjennom Visit Telemark, Telemarkskanalen Regionalpark, Vandre Telemark og Suleskarvegen. Andre faste marknadsføringstiltak; Tokke kommune nappekart, Vest-Telemark nappekart, plassleige Høydalsmo kro. Samarbeid med Dalen Hotel, Vest-Telemark Museum og Visit Telemark om t.d. visningsturar.

Annonsering i Visit Telemark Telemarkskatalog, Telemarkskanalen brosjyre.

Bruk av sosiale media som Facebook og Instagram er ein effektiv marknadsføring for Visit Dalen. Stor delingsverdi, både på Instagram og Facebook. Av populære innlegg med høg delingsverdi og aktivitet, kan nemnast Ruiplassen/Rui-jentene og tema vandring, spesielt Lårdalstigen. #soriamoria er også blitt ein populær tagg.

Jolekalender på Visit Dalen Facebookside med konkurransar og give-ways populær og resulterte i fleire følgjarar på sida.



I februar deltok reiselivskonsulenten som Vest – Telemark representant på reiselivsmessa Ferie for alle i Herning, Danmark, i regi av Visit Telemark.

### *Vest-Telemark Museum*

Besøkstal på VTM i Eidsborg i 2019 på totalt 15168, mot 15906 i 2018. Dette er med Eidsborg Stavkyrkje. Åmdals Verk Gruver besøkstal 2019: 3260, 2018: 2163, bra oppgang. Grimdalstunet besøkstal 2019: 2696, 2018: 2787, litt ned.

### *Overnattning*

Dalen Hotel: «Vi har solgt omrent 5560 rom og hatt ca 9600 gjestenetter under årets sesong og omsatt for omrent 21,7 millioner, dog med større utgifter enn tidligere år så økt omsetning gir oss dessverre ikke et betydelig bedre driftsresultat enn ordinært»

Bob på Buøy Camping melder om ein god sesong. Han tek ikkje lenger imot bobillar over 6 meter, det har vore vellykka i forhold til ei auke i teltturistar og meir fornøgde campingjester generelt melder han. Tømmestasjon bobil kun for eigne gjester.

Dalen Bed and Breakfast melder om ein god sesong, rekord i august. Mykje utleige av kano/kajakk. B&B skal også halde oppe i vintersesongen.

### *Handel*

Butikkane har hatt bra omsetning i sommar. Spiti melder om meir handel, også blant utanlandske turistar, dei spør m.a etter ullgarn og norske mønster. Vinjerui melder om mindre besøk i juli, juni og august betre. Blomsterbua melder at juli månad var den beste på mange år.

### *Servering*

Generelt; Problem at serveringsstadene på Dalen stenger tidleg då etter 20. august, berre YX som har ope utover kvelden. Dalen Hotel har restauranten sin, men der må ein reservere plass og prisen er høgare. Me bør/må ha ein stad besøkande kan få mateservering etter kl.18! Støga i Høydalsmo eit godt tilskot, god mat og gode opningstider.

### *Småbåthavn*

84 båtar. Oppgang med 20 båtar frå i fjar.

### *Bobilparkering*

558 bobilar totalt. 478 i 2018, 595 i 2017. Sett ned prisane; 250 utan straum, 300 med straum (2018: 300/350)

### *Telemarkskanalen*

Antall passasjerar på dei 3 rutebåtane var 21 865 personer i 2019. Til samanlikning var det i 2018 19 837 passasjerer. Ein 10% auking i rutetrafikk. Henrik Ibsen ein god del meir enn Victoria.

Med charter i tillegg ca. 30 000 passasjerer i 2019. Fin vekst i Telemarkskanalen booking AS  
Omsetningauke frå 8,79 millionar til 11,09 mill. Omtent status quo på fritidsbåtar.



7% auke på tellerane:

	Rui	Lunde	Løveid	Vrangfoss	SUM
2018	5881	50942	17174	12899	86896
2019	10369	48182	19711	14886	93148
endring	4488	-2760	2537	1987	6252
% Endring	76 %	-5 %	15 %	15 %	7 %

## 7.6 Landbruk og miljø

### Jordbruk

Det har vore stor aktivitet i jordbruket i Tokke i 2019, og satsingsområda i landbruksplanen frå 2016 er vidareført i 2019. Det er gjeve tilskot etter landbruksplan på til saman 1 mill., med overføring av ubruka midlar frå i fjor samt ekstra tildeling av overskot frå budsjett i kommunen. I 2019 er det innvilga kr. 741 000 til nydyrkning, totalt 7 søknadar. Vi har også innvilga kr. 176 100 til drenering fordelt på 5 søkjrarar, og ein søknad på kr 92 000 til oppgradering av driftsbygning.

Det er innvilga kr 248 000 til spesielle miljøtiltak i landbruket. I 2019 er det søkt om midlar til restaurering av gamle bygningar, hydrotekniske tiltak og rydding av kulturlandskap. Tilsaman 3 søknadar.

Vi fekk 130 000 frå Fylkesmannen til statleg tilskot til drenering. 5 søkjrarar fekk innvilga tilskot på til saman kr. 112 000.

Talet på føretak som søker produksjonstilskot er 68, og held seg stabil frå 2018. Det er husdyr på 49 av føretaka. Statistikk syner at det 290 gardsbruk som er i drift, mange av desse er leigd som tilleggsareal. NIBIOS arealbarometer syner at 1,4 % av kommunens landareal er jordbruksareal. Dette tilsvarar 13 608 dekar. Av dette vert 75 % nytta til grovfôrproduksjon og 25 % til beite.

Det vart søkt om, og gjeve konsesjon på 3 landbrukseigedomar i 2019. På ein av eigedomane er det sett vilkår om buplikt, der det alt har flutt til folk. Dei andre eigdomane er reine skog- eller utmarkseigedomar som ikkje krev buplikt.

### Suksesshistoriar:

*Tokke kommune innvilga tilskot til over 200 dekar nydyrkning i 2019!*



## *Skogbruk*

Avverkinga enda på 24.355 m<sup>3</sup>, noko som er ein liten nedgang frå 2018. På grunn av været var det utfordrande driftsforhold, og driftsapparatet vart flytta til andre kommunar i AT skog området. Tømmerprisane nådde toppen i 2019, og gjekk noko ned att mot nyttår.

Det vart registrera om lag 53 000 utsette planter, noko som er 2/3 av plantetalet i 2018. 2019 var fyrste året på lenge utan NMSK-tilskot på ordinær planting. Dette kan ha medført at enkelte ikkje har registrera planting ein har utført. Det er uheldig for statistikken at ikkje alle tal blir registrera inn i systemet.

Som eit klimatiltak var det statleg tilskot til suppleringsplanting og tettare planting, samt gjødsling av skog.

Ungskogpleie tok seg opp med 461 dekar. Det var fortsatt fokus på ungskogpleie og skogfond i 2019.

Arealtype	Dekar	%
Jordbruksareal ▲		
Fulldyrka	7 960	0,8
Overflatedyrka	1 701	0,2
Innmarksbeite	3 947	0,4
Produktiv skog	344 311	34,0
Bebygelse/samferdsel	6 236	0,6
Annet markslag ▼	454 406	45,0
Ikke kartlagt ▼	193 208	19,1
<b>Sum</b>	<b>1 011 769</b>	<b>100,0</b>

Kilde: Arealressurskart AR5, årsversjon 2019, NIBIO

Arealressursane i Tokke (Kjelde: NIBIO)

## *Utmarksforvaltning*

Beitetaksering syner at Tokke har høgast beitetrykk frå hjortevilt i heile Telemark. Minstearealet for elg vart sett ned i området vest for Tokkeåi og nord for Bandak.

Etablering av bestandsplanområde for elg og hjort held fram. Mange av jaktlaga er positive til dette.

Utleiga av småviltjakt på kommunal eigedom på Skafsåheia er framleis populært, og det var ei omsetjingssauke på om lag 70 % frå året før. Grunneigerar som ynskjer å leige ut fiske og/eller småviltjakt kan framleis nytte seg av kommunen si marknadsføringsside på [www.inatur.no](http://www.inatur.no). Mosvatn og øvre og nedre Bessvatn er med på ordninga ifrå 2019.

GPS-merkeprosjektet i Setesdal/ Austhei villreinområde held fram.

## *Klima, energi og miljø*

Søknadar om motorferdsel i utmark held seg stabilt, der hovedtyngda er ordinære løyve til å køyre bagasje/utstyr til privat hytte. Det er sett ned ei gruppe som skal arbeide med haldninga i forhold til god skuterkultur i kommunen. I Skafsa blir det sett på moglegheten for å etablere løypenett for rekreasjonskøring.

Det blir jobba med betre system for kjeldesortering på fleire kommunale bygg, kommunehus og skular, for å imøtekome miljøkrav og ha fokus på .

Planar for ENØK – tiltak blir jobba vidare med for kommunale bygg, men har på grunn av mange prosjekt i 2019, blitt sett på vent. Det blei installer varmepumper på Elvarheim.



## 7.7 Eigedomsforvaltning, brann og uteavdeling

### Kommunale vegar

Ordinær drift av 62 km kommunal veg, med vinter og sommarvedlikehald; Brøyting, strøying, salting, lapping, kantslått, soping, brøytestikk, tining av stikkrenner, grøfterens m.m. Avdelinga har hatt 1 avvik som er lukka.



Trafikksikring i Modalen

### Eigedomsforvaltning:

Reinhald har eindel utskifting av tilsette på grunn av fleire som gjeng av med pensjon. Det er hyggeleg å sjå at me får mange søkjrarar på ledige stillingar! Samstundes ser me at me er sårbare i høve til sjukdom, og me må stadig ha inn ekstra ressursar eller redusere til berre naudsynt reinhald. Avdelinga har hatt 3 avvik, der 2 er lukka.

Andre driftsoppgåver i 2019 gjeld m.a. vedlikehald av kommunale bygg, måla 4 aldersbustader, 4 kommunale leilegheiter og Lårdal prestegard. Arbeid med oppfølging av trafikksikringsplan, stell av grøntanlegg, gateljos m.m. Stadig utskifting av gamle anlegg og utstyr gjev mykje ekstraarbeid. Dette er resultatet av mange år med vedlikehaldsetterslep og gjev seg utslag i overforbruk i rekneskapet.

### Ufordringar på avdelingane

- Manko på arbeidsbilar for snikkarar og reinhald. Som trafikksikker kommune bør Tokke Kommune ha tenestebilar av nyare dato til sine tilsette.
- Mykje av tida gjeng til investeringsprosjekt både for avdelingsleiarar og fagarbeiderar.
- Høge forventningar frå innbyggjarar og tilsette på service og tenestar. Vanskeleg å imøtekome alt av dette pga låg budsjett og mange prosjekt i gang.


### Brann:

- Brannvesenet hadde 48 utsyrkingar i 2019 og 3 hjelpeoppdrag
- 2 stk ferdige med utsyrkningsledar kurs BER 1 i 2019
- 2 stk starta på grunnkurs 2019, ferdige våren 2020
- 3 stk tok kode 160 i 2019
- Rein/urein sone ferdig i juni 2019. Det som ikkje er utført er gipsing av vegg inne, eksosavvug, bad 2 etg, panel/plate møterom og etablere vaskeall/plass. Da må høgtrykkspylar kjøpast inn. Gulv i vognhallar bør også behandles med epoxy eller måling med tanke på reinhaldet.
- 10 avvik i 2019, 7 avvik er lukka. Alle 10 avvik er gitt tilbakemelding på.
- 1 ny brannmann i 2019.
- Besøkte barnehagane i kommunen med brannbilen i brannvernveka. Det vart også arrangera open brannstasjon same veke. Det viser seg å vere ein kjempesuksess med mange folk innom.
- Hadde stor øvelse på Tokke skule i november 19. Det er cirka 12 årlege øvelsar i Tokke brannvesen.



## Ufordringar:

- Plassmangel på brannstasjonen, brannvesenet må ha heile brannstasjonen sjølv nå. Kommunen må snarast råd finne eit lokal til Røde Kors.
- Vaskemogleghet for bilar.
- Stadige reparasjonar på gammal tankbil, lekk vatn
- Stadige nye krav til kurs og opplæring/kunnskap.
- For lite midlar på konto 1120 til fornying av utstyr/ forbruksmatriell.



## 7.8 Investeringsprosjekt 2019

PROSJEKTREKNESKAP 2019				
Prosjekt	Tekst	Rekneskap 2019	Rev. budsj. 2019	Avvik
<b>4719</b>	Storvegen 126	1 025 525	1 025 525	0
<b>6000</b>	IKT-prosjekt Vest-Telemark	148 597	148 740	143
<b>6001</b>	It	253 188	458 546	205 358
<b>6014</b>	Tilskot investering - kyrkja	118 564	118 996	432
<b>6031</b>	Trådlaust nett helsesenteret	934 493	940 009	5 516
<b>6032</b>	Utstyr helse og omsorg	85 967	86 005	38
<b>6034</b>	Nye branntavler helsesenter	1 231 014	1 231 000	-14
<b>6100</b>	Nytt låsesystem kommunale bygg	428 109	430 000	1 891
<b>6117</b>	Styringssystem Tokkebadet	217 970	0	-217 970
<b>6119</b>	Brannsikring Tokke skule	67 599	0	-67 599
<b>6120</b>	Skulekjøkken Tokke skule	493 581	494 000	419
<b>6122</b>	Toalett Tokke skule	0	0	0



6126	Skulekjøkken Høydalsmo skule	1 009 304	1 010 000	696
6145	Kjøkken Avdeling A	0	0	0
6146	Ombygging hovudkjøkken helsesenteret	47 511	48 000	489
6147	Oppgradering golv Tokkehallen	351 226	351 000	-226
6148	Opprusting kommunale bygg	0	337 592	337 592
6149	Carport bilar - heimesjukepleia	366 239	307 792	-58 447
6150	Kommunale utleiebustader, opprusting	647 340	648 000	660
6160	ENØK - styringssystem	128 407	128 660	253
6164	Flaumsikring Dalen - parsell 4a	1 114 659	1 114 996	337
6166	Flaumsikring Dalen - parsell 6	213 776	213 996	220
6170	Ombygging brannstasjon 2018	2 000 410	1 819 996	-180 414
6171	Brannstasjon vognhallar - enøk-tiltak	301 892	300 000	-1 892
6183	Lager Åheim	0	0	0
6223	Høydalsmo vassanlegg	76 283	76 548	265
6236	Ny brønn Byrte vassverk	839 050	840 000	950
6255	Oppgradering driftsovervaking	309 649	310 000	351
6328	Rehabilitering va-nett 2018	1 303 998	1 304 352	354
6347	Tømestasjon bubilar, bryggja	0	0	0
6444	Tomtesal Hallbj.sekk Sør III - infrastrukturfond	100 000	100 000	0
6454	Opparbeiding næringsareal	1 434 623	1 435 000	377
6521	Formidlingsutlån	517 417	331 140	-186 277
6529	Aksjar og luter	816 750	817 000	250
6542	Oppgradering sanitæranlegg, Dalen bryggje m.fl.	333 242	334 996	1 754
6548	Steinsetting turveg Rui	1 485 658	1 396 004	-89 654
6549	Sauna-anlegg Tangane	559 742	560 004	262
6564	Badeplass/friluftsområde Åmlivatn	0	0	0
6783	Gateljos Austhei - trafikksikring	144 789	144 789	0
6785	Kommunale vegar 2019	1 852 616	1 853 000	384
6787	Gateljos - Byrte	335 885	356 250	20 365
7112	Maskinplan 2019	989 795	1 000 000	10 205

### Kommentarar til investeringsprosjekta

6785 - Kommunale vegar: Asfaltering Saurlandsvegen Lårdal, Barstadvegen Åmdals Verk, parkering brannstasjon og innkjøring Elvarheim, Innkjøring Eidsborg Museum. Kantforsterking Modalen 100 m. Autovern 175 m Modalen og 75 m Felland.



7112 - Innkaup maskinplan: Sopemaskin, 1 grasklyppar, ATV brannvesen.

6148 - Opprusting kommunale bygg: Står ubruka i 2019 fordi tiltaket i Tokkebadet måtte inn som eige prosjekt – 6117 styringssystem Tokkebad.

6149 – Carportar heimsjukepleie: Overforbruk grunna installasjon av ladepunkt.

6548 – Steinsetting Rui – Overbruk i tabell er misvisande fordi det manglar 150 000,- i tilskot som ikkje er budsjettet. Eigentleg eit underforbruk.

### Gjennomføringsgrad

I budsjettet for 2019 blei det i samband med politisk handsaming flytt fram fleire investeringsprosjekt som etter rådmannen sitt framlegg var tenkt lengre ut i økonomiplanperioden: Toalett Tokke skule, asfaltering kommunale vegar, lager Åheim, skulekjøkken Høydalsmo og Tokke skule, golv Tokkehall, riving Mo skule m.m. Samstundes blei det ikkje løyvd til maskinplan eller stillingar etter behova som var spela inn. Dette gjev oss ei utfordring med gjennomføring av investeringsprosjekt slik dei ligg i vedteke budsjett.

Alt i alt meiner me at gjennomføringsgraden er god, sett i høve til omfang av prosjekt og tilgjengelege mannskap og ressursar.

## 7.9 Vatn og avlaup

### Drift – generelt

Drifta går stabilt og bra. På renseanlegget i Høydalsmo er det montert inn utstyr for å automatisere slamprosessen. Dette anlegget er måla utvendig i 2019 i høve vedlikehaldsplanen. Ein del av prosessutstyret ved Dalen renseanlegg er skifta på grunn av slitasje/alder. Dette gjeld pumper og blåsemaskiner.

Det er gjennomført tilsyn frå Mattilsynet på Internkontrollsystemet for vassforsyning, og tilsyn frå Fylkesmannen med fokus på interne rutiner.(avløpsanlegg kap.12 og 13).

Det er kjøpt inn eit SMS-varslingssystem for varsling av abonnentar ved spesielle hendingar.

Det er sett i gang arbeid med hovudplan for vatn og avløp og plan på sentral slamavvatning er under utgreiing. Prosess for kartlegging av bedrifter med feittavskiljar er sett i gang



Eigenprodusert slamskasse - Høydalsmo renseanlegg



SMS- varslingssystem



## Avvik

Det er registrert 10 avvik i 2019. 4 er lukka. Alle har samanheng med driftssituasjonar, slik som overløp, straumutfall og teknisk svikt i styringssystem.

## Investeringsprosjekt

- Prosessen med rehabilitering av renseanlegget på Hallbjønnsekken er i gang
- Nytt toppsystem for driftsovervaking er på plass.
- Opprusting av vassforsyning til Byrte vassverk som havarerte på sommaren. Ny brønn og nytt UV-anlegg, som er finansiert i eiga sak.
- Tømestasjon for bubilar på Dalen vart utsett til 2020 pga for lågt budsjett.
- Rehabilitering av VA-nett på Nestestogjordet, Dalen er utført i heilskap.



Rehabilitering av VA-nett – Nestestogjordet, Dalen

## Utfordringar – planar 2020

- Framleis ha fokus på innlekkasje avløpsnett – rehabiliter feil.
- Etablere tømestasjon for bubilar ved Dalen bryggje.
- Revidere VA-kart i GISline
- Optimalisere slamhandsaming Dalen reinseanlegg, og vurdere løysing for sentral avvatning.
- Gjennomføre konkurranse for nytt avvatningsutstyr ved Høydalsmo renseanlegg
- Aqua Partner er leigd inn for å vurdere utsleppsløyvet for Hallbjønnsekken RA.
- Utarbeide konkurransegrunnlag for utbygging av Hallbjønnsekken RA
- Halde fram med oppdatering av interne vedlikehaldsplana, prosedyrar og dokumentasjon.
- Gjennomføre vedlikehald av bygg i høve vedteken vedlikehaldsplana.
- Planlegge nytt UV-anlegg ved Hallbjønnsekken VV, og Åmdals Verk VV (2021 – 2022)
- Utarbeide MBA analyser for alle vassverka.

